

Rapport

VLFK Reguleringsplan Værlandet ferjekai

OPPDRAKSGIVER

Vestland fylkeskommune

EMNE

KU vassmiljø og naturmangfold

DATO / REVISJON: 23.06.2026/ 01

DOKUMENTKODE: 10266219-01-RIM-RAP-002





Forside: Sjøsida i planområdet frå sør mot nord. Foto: Multiconsult

Foto, illustrasjonar og figurer: Multiconsult om anna ikkje er oppgitt.

Dette dokumentet er utarbeidd av Multiconsult på vegne av Multiconsult Norge AS eller selskapet sin klient. Klienten sine rettigheter til dokumentet er gitt i den aktuelle oppdragsavtalen eller ved anmodning. Tredjepartar har inga rettigheter til bruk av dokumentet (eller delar av det) utan skriftleg førehandsgodkjenning frå Multiconsult med mindre anna fylgjer av norsk lov. Multiconsult tek ikkje på seg noko ansvar for bruk av dokumentet (eller delar av det) til andre føremål, på andre måtar eller av andre personar eller einingar enn det som er godkjend skriftleg av Multiconsult. Delar av dokumentet kan vere beskytta av immaterielle rettigheter og/eller eigedomsrettigheter. Kopiering, distribusjon, endring, handsaming eller anna bruk av dokumentet er ikkje tillate utan skriftleg førehandsamtykke frå Multiconsult eller anna innehavar av slike rettigheter med mindre anna fylgjer av norsk lov.



Rapport

OPPDRAG	VLFK Reguleringsplan Værlandet ferjekai	DOKUMENTKODE	10266219-01-RIM-RAP-002
EMNE	KU vassmiljø og naturmangfold	TILGJENGELEGHET	Open
OPPDRAGSGIVAR	Vestland fylkeskommune	OPPDRAGSLEIAR	Sven Selås Kallevik
KONTAKTPERSON	Stine Unneland	UTARBEIDD AV	Helen Kvåle
		ANSVARLEG EINING	10233012 Miljørådgivning Vest

01	23.06.2026	Endringar etter dialog med Askvoll kommune	H. Kvåle		Sven Selås Kallevik
00	13.02.2026	Konsekvensutgreiing naturmangfold og vassmiljø	H. Kvåle	A. K. Hansen, K. Mork, S. H. Jacobsen	Sven Selås Kallevik
REV.	DATO	SKILDRING	UTARBEIDD AV	KONTROLLERT AV	GODKJEND AV



INNHALD

0	Samandrag	5
0.1	Utgreiingskrav og kunnskapsgrunnlag	5
0.2	Konsekvensutgreiing	5
0.3	Viktige avbøtande tiltak	6
1	Bakgrunn og krav til utgreiing	7
1.1	Bakgrunn for prosjektet	7
1.2	Utgreiingskrav	8
2	Metode	8
2.1	Definisjonar og avgrensing	9
2.2	Kompetanse	9
2.3	Avgrensing mot andre fagtema	9
3	Tiltaksskildring og alternativ	10
3.1	Nullalternativet	11
3.2	Alternativ som vert utgreidd	11
3.3	Anleggsfasen	13
3.4	Utgreiingsområdet	13
4	Kunnskapsgrunnlag	14
4.1	Datagrunnlag	14
4.2	Ny feltkartlegging	16
4.3	Naturtypar	17
4.4	Terrestriske artar og økologiske funksjonsområde	19
4.5	Vassførekomst	23
4.6	Framande artar	27
4.7	Landskapsøkologiske samanhengar	28
4.8	Geologisk mangfald	28
4.9	Økosystemtenester	29
5	Vassmiljø - Trinn 1: Verdi, påverknad og konsekvens for delområde	31
5.1	Delområde og verdikart	31
5.2	Vassførekomstar	32
5.3	Trinn 2: Konsekvens av alternativ	33
6	Naturmangfald - Trinn 1: Verdi, påverknad og konsekvens for delområde	33
6.1	Delområde og verdikart	33
6.2	Område med registrerte eller verdsette artar og naturtypar	35
6.3	Område utan registrerte eller verdsette artar og naturtypar	42
6.4	Trinn 2: Konsekvens av alternativ	42
7	Samanstilling av konsekvensar for vassmiljø og naturmangfald	43
7.1	Mellombelse verknadar	43
7.2	Verknadar som ikkje fylgjer av tiltaket (indirekte verknadar)	44
8	Framlegg til avbøtande tiltak	45
8.1	Reguleringsplanen har tatt inn fylgjande skadeavgrensande tiltak:	Error! Bookmark not defined.
8.2	Andre avbøtande tiltak	Error! Bookmark not defined.
9	Usikkerheit	46
9.1	Usikkerheit ved konsekvensutgreiinga	46
9.2	Usikkerheit ved føreslegne avbøtande tiltak	46
10	Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og anna lovverk	47
11	Data i databasar	47
12	Referansar og kjelder	48
13	Vedlegg 1 Metodikk for konsekvensutgreiing etter M-1941 for vassmiljø og terrestrisk naturmangfald	50
13.1	Kartlegging av vassførekomst	50
13.2	Verdsetting av delområde	50
13.3	Vurdering av konsekvensgrad	57
14	Vedlegg 2 Kartlagde naturtypar	60



0 Samandrag

Multiconsult er engasjert av Vestland fylkeskommune for å lage reguleringsplan og alle tilhørende plandokument, som konsekvensutgreiingar (KU), for ny ferjekai på Værlandet i Askvoll kommune.

Planområdet omfattar areal frå kryss Soknavågsvegen-Nordsjøvegen, kaiområde, butikk og litt tilliggande areal, samt kai- og manøvreringsrom for ferje i hamneområdet, totalt ca. 61 daa. Varsla planområde var ca. 99 daa, og denne KU er utgreidd i høve til varsla planområde.

Hensikta med planen er å legge til rette for ny ferjekai tilrettelagd for elektrisk ferje. Dagens kai har eit stort behov for oppgradering og ikkje er tilrettelagd for elektrifisering. Planen legg til rette for etablering av ferjekai for mellomstort samband, mot dagens småsamband. Mellomstort samband inneber m.a. ein 20 m lenger kai, ein noko breiare brubås og litt større seglingsdjupne enn for dagens kai. Det vert også lagt til rette for 10 nye biloppstillingsplassar for påkøyring til ferja, samt etablering av 12 plassar for pandlarparkering. Dagens ventebu skal rivast, og eit nytt bygg etablerast. Eksisterande kai skal rivast. Samla areal omfatta av tiltak er ca. 3,6 daa.

0.1 Utgreiingskrav og kunnskapsgrunnlag

Denne KU er utgreidd i høve til føringar gitt i Forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta) (1) og etter metodikk gitt i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 «Konsekvensutredning av klima og miljø» (2).

Det kom ny raudliste for naturtypar i Norge i november 2025 (3). Kartlegging av naturtypar er utført iht. MI-instruksen (4), som er tilpassa raudlista frå 2018. I denne KU er alle naturtypar kartlagd etter MI semi-naturleg natur som enkelt let seg gjenfinne i ny raudliste, og det er ny raudliste som ligg til grunn for verdi på naturtypelokalitetar.

Kunnskapsgrunnlaget er i stor grad basert på eksisterande kunnskap henta frå offentlege databasar, supplert med NiN-kartlegging av naturtypar og karplantar, mosar og lav på land i høve til MI (4) og ROV for kartlegging av marine naturtypar og artar i høve til norsk raudliste for naturtypar (3).

Planområdet ligg i eit kulturlandskap med lang hevd, der innmark har vore slått og beita og utmarka har vore brent og beita, noko som gir semi-naturlege naturtypar der ikkje drifta og gjødslinga er for intensiv. Sjøområdet tilhøyrer ein stor vassførekomst i god økologisk og kjemisk tilstand, og der utgreiingsområdet ikkje omfattar naturtypar av særleg forvaltingsverdi.

0.2 Konsekvensutgreiing

Tabell 0-1 syner konsekvensvurdering for fagtema vassmiljø og naturmangfald. Samla vurdering for fagtema er ubetydeleg endring. Tiltaket vil ikkje gi permanente, negative konsekvensar på nokon av dei to fagtema som vurderast i denne KU. Tiltaket fører til eit svært avgrensa arealbeslag (under 1 daa) i landbruksareal som har noko verdi for vanleg naturmangfald. Alternativ 1 er rangert som 2 fordi det i anleggsperioden vil vere mellombelse, negative konsekvensar for vassmiljø og naturmangfald. Det er anleggsfasen som kan og vil påverke fagområda negativt, og det må gjerast avbøtande tiltak, og dei viktigaste avbøtande tiltaka er oppsummert i delkapittel under.



Tabell 0-1: Oppsummering av konsekvens og samla vurdering for dei ulike alternativa. Tabellen er sett saman av tabell 5-2 for vassmiljø og tabell 6-8 for naturmangfald.

Delområde vassmiljø	Verdi	Alt. 0	Alt. 1
VM1 Aldefjorden	Svært stor	0	0
Samla vurdering		Ingen konsekvens	Ubetydeleg endring
Rangering		1	2
Delområde naturmangfald		Alt. 0	Alt. 1
NM 1	Svært stor	0	0
NM 2	Stor	0	0
NM 3	Svært stor	0	0
NM 4	Stor	0	0
NM 5	Svært stor	0	0
NM 6	Svært stor	0	0
Samla vurdering		Ingen konsekvens	Ubetydeleg endring
Rangering		1	2

0.3 Viktige avbøtande tiltak

- Tiltak skal utførast i høve til løyve til tiltak i sjø og dei vilkår som gis i løyvet med tanke på avbøtande tiltak, kontroll og overvaking. Undervassstøy er ein viktig del av denne søknaden.
- Ingen vegetasjonsrydding på land i hekkeperiode og ikkje oppstart støyande arbeid på land i denne perioden (mars-juli).
- Ikkje støyande arbeid i sjø, som peling eller sprenging, i gyte- eller hekkeperiode (januar-juli).
- Kartlegging av framande artar siste vekstsesong før anleggsgjennomføring. Utarbeiding av tiltaksplan for korrekt handtering av plantedelar og infiserte massar.

1 Bakgrunn og krav til utgreiing

1.1 Bakgrunn for prosjektet

Planarbeidet med ny ferjekai på Værlandet i Askvoll kommune er initiert som del av ei større satsing på elektrifisering av ferjesamband i fylket.


Eksisterande ferjekai er ikkje tilpassa dagens moderne ferjer og føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ei ny ferjekai på Værlandet, samt infrastruktur på land knytt til ferjekai og eksisterande daglegvare. Den nye kaia skal erstatte dagens kai, som har stort behov for oppgradering og ikkje er tilrettelagd for elektrifisering. Ny ferjekai vil etablerast som eit mellomstort samband, og vil kunne brukast av større ferjer, til forskjell frå dagens småsamband. Ein sentral del av planarbeidet har vore å betre innseglingstilhøva, då vær og havstraumar ofte skaper utfordringar. Planen legg opp til ei meir berekraftig løysing, der ny kaiutforming og betre innsegling gir redusert energibruk ved tillegging og under opphald. Dette bidreg til både miljøgevinst og meir stabil drift under krevjande vêrtilhøve.

På land skal dagens infrastruktur opprustast og betre ta omsyn til mjuke trafikantar. Dette vil gjere seg gjeldande for ferdsel opp mot ferje, samt bruk av daglegvare og funksjonar kring denne. Det har vore ein prioritet i planarbeidet å betre sikre mjuke trafikantar på og rundt ferjekaien.

Oversiktskart som syner planområdet si plassering er vist i figur 1-1, og varsla planområde er vist i figur 1-2.



Figur 1-1: Oversiktskart med ferjekaien på Værlandet markert.



Figur 1-2: Varsla plangrense for Detaljregulering Værlandet ferjekai, planID: 20250001.

Multiconsult er engasjert av Vestland fylkeskommune for å utarbeide reguleringsplan for tiltaket, med tilhørende konsekvensutgreiingar og fagrapportar. Føremålet med denne konsekvensutgreiinga er å sikre at miljø og samfunn vert tatt omsyn til i vidare prosjektering av tiltaket. Denne rapporten er ei konsekvensutgreiing for tema vassmiljø og naturmangfald, etter Miljødirektoratets rettleiar for konsekvensutgreiing for klima og miljø, heretter omtalt som M-1941 (2).

Denne KU-en er gjort ut frå varsla planområde. Faktisk planområde er mindre (sjå kap. 3.2). Innskrenking av planområdet vart gjort etter at KU var utarbeidd, og sidan endringa ikkje har konsekvens for delområda er det vald å ikkje tilpasse denne utgreiinga til faktisk planområde.

1.2 Utgreiingskrav

Det er etter forskrifta ikkje krav om planprogram i samband med oppstart av denne saka.

Fordi tiltaket omfattar tiltak i sjø og det er registrert mange raudlista artar og naturtypar i området, er det vurdert å vere behov for konsekvensutgreiing av fagområda naturmangfald og vassmiljø (5) (6).

2 Metode

Føremålet med konsekvensutgreiingar er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert gjort synleg i utarbeiding av planar og tiltak. Forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta) (1) fastset krav til innhald i ei konsekvensutgreiing.



I høve til KU-forskrifta § 17 skal utgreiingar fylgje anerkjend metodikk og utførast av personell med relevant fagleg kompetanse. I dette kapittelet skildrast metodikken i fagrapporten og fagkompetansen som ligg til grunn.

Fagspesifikk metodikk for vassmiljø og naturmangfald er omtalt i vedlegg 1 (kapittel 13).

Kartlegging av naturtypar i utgreiingsområdet er utført i 2025 iht. Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks frå 2024 (4). Denne instruksen, heretter nemnd som MI er veiledende metodikk til og med feltsesong 2026. Ny kartleggingsinstruks er førespegla i 2027. Det kom ny raudliste for naturtypar i Norge i november 2025 (3). MI er basert på raudlista frå 2018, og det er dels vesentlege forskjellar mellom raudlista frå 2018 og den nye raudlista. Miljødirektoratet har ikkje gitt føringar for korleis KU etter M-1941 skal forhalde seg til ny raudliste for naturtypar (7) i denne overgangen, men dei anbefalar at naturtypar kartlagd etter MI som enkelt let seg gjenfinne i den nye raudlista, omhandlast med ny raudlistestatus (8).

I denne KU er alle naturtypar kartlagd etter MI. For semi-naturlege naturtypar let seg enkelt let gjenfinne i ny raudliste, og i denne utgreiinga er det ny raudliste som ligg til grunn for verdi på naturtypelokalitetar.

2.1 Definisjonar og avgrensing

2.1.1 Definisjon av vassmiljø

Med omgrepet vassmiljø meinast i denne utgreiinga både økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomst (vassforskrifta) og naturmangfald (artar og naturtypar) i vatn (naturmangfaldlova).

2.1.2 Definisjon naturmangfald

Med naturmangfald meinast i denne utgreiinga fagtema tilknytt utgreiing for terrestrisk naturmangfald iht. M-1941 (2).

2.2 Kompetanse

Tema vassmiljø og naturmangfald består av fleire fagdisiplinar, og fleire personar har bidrege i datainnsamling og utgreiinga, sjå tabell 2-1.

Tabell 2-1 Namn, utdanning og erfaring bidragsytrarar i utgreiinga

Fagdisiplin	Namn	Utdanning
Terrestrisk naturmangfald	Helen Kvåle	Cand. Mag naturforvaltning, 21 års erfaring
	Anna Krohn-Hansen	Master miljø- og landskapsgeografi, 6 års erfaring
	Magnar Bjerga	Cand.scient terrestrisk zoologi, 29 års erfaring
Vassmiljø og naturmangfald i sjø	Silje Hadler-Jacobsen	Master i Marin Biodiversitet, 16 års arbeidserfaring
	Helen Kvåle	

2.3 Avgrensing mot andre fagtema

I ei konsekvensutgreiing skal konsekvensar tellast kun éi gong. Innhaldet i fagtema vassmiljø ligg tett på andre fagtema som vert utgreidd i prosjektet, og skildring av avgrensing mot desse framgår i dette

kapittelet. Avgrensinga er basert på retningslinjer for grensesetting i M-1941, og kva som er vurdert som hensiktsmessig i å plassere under fagtema naturmangfald.

Naturressursar


Fiskeri som ressurs inngår under fagtema naturressursar. Her høyrer også skogbruk, drikkevasskjelder, mineralar og lausmasseførekomstar til.

Friluftsliv

Bruk av sjø som friluftsliv (som t.d. bading, fritidsfiske og båtliv) inngår under fagtema friluftsliv. I friluftsliv inngår sjø og land som opplevingselement med tanke på rekreasjon.

3 Tiltaksskildring og alternativ

Det har vore utarbeidd skisseprosjekt for tiltaket, med fire ulike alternative plasseringar av ny ferjekai (figur 3-1). Vestland fylkeskommune har i tråd med silingsrapporten bestemt at det er alternativ 4 som skal utgreiast og regulerast (9).



Figur 3-1: Utklypp frå silingsrapporten som syner dei fire alternative plasseringane av ny ferjekai som er vurdert (9).



3.1 Nullalternativet

Nullalternativet som ny ferjekai skal samanliknast med er ei framskriving av dagens situasjon, og skildrar sannsynleg utvikling i området dersom ny ferjekai ikkje vert realisert.

Det er ikkje nokon vedtekne reguleringsplanar i eller nær utgreiingsområdet, og Multiconsult har ikkje kjennskap til andre nye tiltak med løyve eller finansiering innanfor utgreiingsområdet som vil inngå i nullalternativet.

Nullalternativet er dermed noverande tilstand for miljø og samfunn og korleis denne utviklar seg utan ny ferjekai, og med eksisterande ferjekai og naudsynt vedlikehald av denne for å kunne oppretthalde drift. Dagens ferjekai har behov for noko vedlikehald og oppgradering for å kunne nyttast i framtida. Dagens ferje er stor for ferjekaien, noko som gir ekstra krevjande tilhøve for tillegging.

I dag er det gratis å ta ferje mellom Værlandet og Askvoll, men denne ordninga er omdiskutert, og det er vurdert behov for auka antal p-plassar for pendlarar. Behovet for slike p-plassar vil kunne kome uavhengig av ny ferjekai, og må sjåast som del av 0-alternativet.

Nullalternativet har per definisjon «**ingen konsekvens**».

3.2 Alternativ som vert utgreidd

Alternativet som vert utgreidd inneber ny ferjekai for mellomstort samband med elektrifisering av sambandet, samt riving av dagens kai og driftsbygg med venterom. Målet for Vestland Fylkeskommune er at sambandet skal ha elektrisk drift i 2027, men det kan vere at ferjesambandet vil ha dieseldriven ferje endå nokre år.

Løysinga skal gi robuste tilleggingstilhøve og driftsstabilitet ved krevjande vind- og bylgjetilhøve, samt sikre trygg og effektiv handtering av køyretøy og passasjerar. Dagens ferje er noko stor for eksisterande kai. Utforming og dimensjonering av ny kai skal legge til rette for ein gjennomførbar anleggsfase med minst mogleg driftsavbrot, og samstundes gi tilstrekkeleg fleksibilitet for framtidig tilpassing innanfor planområdet. Prosjekteringsgrunnlag og funksjonsutforming skal bygge på Statens vegvesen sitt handbokgrunnlag V431 m. fl. og gjeldande krav til tryggleik og universell utforming der dette er relevant for landareal og ganglinjer.


Ferjekaien vert dimensjonert for mellomstort samband med tilhøyrande landanlegg. Mellomstore samband kan ta inn ferjer som er inntil 100 m lange, opptil 17 m breie og som stikk 4,5 m under overflata. Dette føreset ein ferjekai på 70 m, ein brubås på 9-12 m breidde og ei seglingsdjupne ved brubås på 7 m (mot dagens 3,1-3,7 m) (10).

Varsla planområde var mykje større enn det som faktisk regulerast. Framlegg til plankart for tiltaket er vist i figur 3-2, og førebels illustrasjon av planlagde tiltak på kaien er vist i figur 3-3.

Det etablerast noko meir oppstillingplassar i forlenging av eksisterande felt, ca. 350 m² med sideareal. Dette gir plass til 49 bilar mot dagen 39 plassar. Oppstillingsfeltet koplast mot ferjebua i sløyfe sør for dagens driftsbygg med venteareal for busshaldeplass. Driftsbygget må rivast for å gi tilstrekkeleg svingradius for av- og påkøyring til ferja. Mellom tilkomstveg til bustad og teknisk bygg leggst det til rette for etablering av 12 p-plassar for pendlarar.

Reguleringsplanen inkluderar LNF-område nord for vegen, for å sikre kulturminne her, samt ei tomt for spreidd bustad/fritidsbustad/næring, som vidareførast frå kommuneplanen sin arealdel (11).

Reguleringsplanen legg til rette for ei lita utfylling mellom ferjekai og p-plassar for butikken for betre utforming av dette området på land.



Figur 3-2: Førebels plankart, datert 5.2.2026 (12).



Figur 3-3: Førebels illustrasjon av planlagde tiltak på kaien, datert 11.2.2026 (13).

Det er ikkje planlagt overgang til større ferje, sjølv om ny ferjekai planleggast for mellomstort samband. Eventuell overgang til ei større ferje enn dagens ferje kan auke aktiviteten på Værlandet i området ferjekai og butikken noko, og ei slik auke er tatt inn i vurderingane. Anna auke i aktivitet ut over dette er ikkje tatt inn i reguleringsplanen.

3.3 Anleggsfasen

Tiltaket føreset ikkje etablering av rigg- og anleggsområde eller anleggsvegar i natur. Areal som i reguleringsplan er føreslått til rigg- og anleggsplass er vist i figur 3-4. Det vil mogelegvis bli eit riggareal like sør for dagens ferjekai, dette er i så fall for tilkomst for lekter. Anleggsfasen vil i hovudsak kunne påverke sjøen nær tiltaksområdet og fugl som lever i- og søker mat i området.



Figur 3-4: Gul firkant syner omtrentleg areal for rigg- og anleggsområde som foreslås i reguleringsplan.

3.4 Utgreiingsområdet

Utgreiingsområdet definerast etter M-1941 som «det området der mellombelse eller permanente verknadar ventast å kunne opptre, og definerar avgrensinga av konsekvensutgreiinga» (2).


Utgreiingsområdet omfattar planområdet og område utanfor plan-/tiltaksområdet som kan bli påverka av tiltaket.

Utgreiingsområdet for **naturtypar og artar av karplanter, mosar og lav, samt geologisk mangfald** er tilsvarande planområdet.

For **fugl** er det tatt inn eit utgreiingsområde på 1 km frå tiltaket i alle retningar, som vurderast å vere tilstrekkeleg for registreringskategorien «artar og økologiske funksjonsområde».

For **vassførekomst** er utgreiingsområde sett til ca. 1 km frå tiltaket i alle retningar, som er vurdert å vere del av vassførekomsten som kan bli påverka av tiltaket.

Utgreiingsområdet er vist i figur 3-5.



Figur 3-5: Planområdet, som er utgreiingsområde for naturtypar og artar av karplanter, mose og lav, samt geologisk mangfold, inni utgreiingsområdet for fugl (stipla ytre linje) og vassførekomst (blåskravert) som strekk seg 1 km frå planområdet.

4 Kunnskapsgrunnlag

Kunnskap som er innhenta i samband med utgreiinga er presentert i dette kapittelet. Kjelder til informasjon, metodikk for innhenting av informasjon og vurdering av kvalitet på informasjonen er skildra for kvar einskild registreringskategori.

Kartlegging av vassmiljø og naturmangfold i felt er utført etter anerkjend metodikk iht. M-1941.


Der det ikkje er gjort tidlegare, er det krav om å gjennomføre kartlegging av viktige naturtypar etter Miljødirektoratet sin kartleggingsinstruks M-2209, nemnd som MI (4). Slik kartlegging registrerast offentleg i Miljødirektoratet sine kartleggingsdatabasar Naturbase (14) og NiN-web (15). MI-kartlegging bygger på Natur i Norge-systemet (NiN) for kategorisering av norsk natur (16). Tidlegare vart kartlegging av vegetasjon utført etter Direktoratet for naturforvaltning si handbok 13 (17). Eksisterande kartlegging utført etter denne metodikken vert vidare omtalt som DN H13-lokalitetar. Marin kartlegging er utført etter DN-handbok 19 (18).

4.1 Datagrunnlag

Eksisterande kunnskap om utgreiingsområdet er henta frå offentleg tilgjengelege databasar med informasjon som er relevant for vassmiljø og naturmangfold, og frå prosjektspesifikk kartlegging utført i plan- og utgreiingsområde. Datagrunnlaget er nærare skildra under dei einskilde registreringskategoriane. Under følgjer ei enkel skildring av naturgrunnlaget i plan- og utgreiingsområdet.

4.1.1 Verneområde

Verneområde omfattar område verna etter naturvernlova eller naturmangfaldslova (nasjonalpark, naturreservat, landskapsvernområde, marint område eller anna freding). Det er verneområde i utgreiingsområdet (14), som vist i figur 4-1. I figuren er verneområde nummerert, og under figuren er dei skildra i høve til nummereringa.



Figur 4-1: Verneområde i og nær utgreiingsområdet i raud skravur. Kartutsnitt kopiert frå Naturbase (14). Tiltaksområdet er markert med blå sirkel.

1: Svarteskjeret naturreservat, VV00001282. Området inngår i verneplan for sjøfugl, og vart verna i 1993. Naturreservatet består av to skjer, der det største er ca. 10 daa, og nærliggande gruntområde i sjø, totalt 78 daa. Området har frå 1990-åra vore nytta til hekking for svartbak, gråmåse og tjeld (19) (20).

2: Sørværet naturreservat, VV00001283. Området inngår i verneplan for våtmark, og vart verna i 1991. Naturreservatet er 7878 daa, og 3190 daa består av Austneset og om lag 100 holmar og skjer, med nærliggande gruntområde på 4610 daa. Føremålet med vern er å ta vare på eit viktig skjergards- og våtmarksområde, særleg med omsyn til fugl og myr som naturtype, i tillegg til devonsk sandstein. Området er særskild viktig overvintringsområde for vassfugl, samt trekk- og hekkeområde av stor verdi (21) (22).

3: Skardholmen naturreservat, VV00001312 består av Store- og Litle Skardholmen og sjøområdet mellom og rundt desse, totalt 193 daa. Området inngår i verneplan for sjøfugl, og vart verna i 1993 som viktig hekke- trekk- og overvintringslokalitet (23) (24).

4.1.2 Området sin økologi

Bioklimatisk sone og seksjon

Værlandet ligg i sterkt oseaanisk seksjon (O3), som har svært mykje nedbør, relativt milde vintrar og kjølege somrar (14). Planområdet ligg i boreonemoral sone, som er ei overgangssone mellom dei

varmekjære lauvskogsområda i sør og dei typiske barskogsområda i nord, aust og høgareliggende område. I boreonemoral sone finns både varmekjære vegetasjonstypar og boreale bartre, og på Vestlandet inngår areal med kystlynghei i denne sona (25).


Naturskog og edellauvskog

Det er ikkje skog etablert før 1940 i planområdet, og det er lite sannsyn for naturskog (26). I NIBIO sitt Kilden, SatSkog, er det vurdert å vere blandingsskog på låg bonitet i planområdet (27).

Berggrunn og lausmassar

Heile planområdet ligg på basalt, som er ein del av Solund- Stavfjordofiolitt-komplekset (figur 4-2) (28). Basalt er ein vulkansk djupbergart som oftast gir ein del næring til jordsmonnet, og ofte har intermediær vegetasjon, altså noko næringskrevjande vegetasjonsdekke. Over berggrunnen ligg det i hovudsak eit tynt lag forvittringsmateriale (29), som også består av basalt, og som gjer næring i berggrunnen lettare tilgjengeleg for planterøter.

Sørleg halvdel av planområdet er registrert som bart fjell, og nordleg halvdel har forvittringsmateriale (29). Areal med forvittringsmateriale vil gjerne ha meir næringskrevjande vegetasjon enn vegetasjon på bart fjell/tynt lausmassedekke.



Figur 4-2: Utklipp frå NGU sine kartbasar for berggrunn (venstre.) og lausmassar (høgre) syner at tiltaksområdet ligg på basalt med tynt eller usamanhengande forvittringsmateriale (lilla) over (28) (29).

4.2 Ny feltkartlegging

Det er gjennomført feltundersøking for både fagområda.

Synfaring og kartlegging av vegetasjon og viktige terrestriske naturtypar er utført av Helen Kvåle og kvalitetssikra av Anna Krohn-Hansen. Både er kvalifisert for kartlegging av naturtypar etter Miljødirektoratet sin instruks M-2209 (MI) (4). Kartlegging etter MI omfattar også kartlegging av raudlista artar (30) innanfor arts-gruppene karplantar, mosar sopp og lav, samt artar på Fremmedartslista (31). Naturtypekartlegging i planområdet vart gjennomført 26.06.2025 under gode felttilhøve.




Marin kartlegging av naturmangfold vart utført med ROV 12. juli 2025. Video frå ROV er tolka av marinbiolog Silje Hadler-Olsen, som er kvalifisert for kartlegging av marine naturtypar og artar.

Systematiserte data som er samla inn i arbeidet med konsekvensutgreiinga skal gjerast tilgjengelege for offentlege myndigheiter. Dette går fram av KU-forskrifta § 24.

4.3 Naturtypar

I gjennomført NiN-kartlegging vart det registrert fem terrestriske naturtypar i planområdet, sjå figur 4-3 og tabell 4-1. Lokalitetane er nærare skildra i vedlegg 2 (kap. 14). Kartlagde terrestriske naturtypar i planområdet er alle **kulturlandskap** av typane D2 slåttemark og naturbeitemark og D4 kystlynghei, alle med raudlistevurdering kritisk truga (CR) i høve til ny raudliste for naturtypar (3). Kulturlandskap i området er forma gjennom langvarig hevd. Seminaturlege naturtypar under tregrensa er avhengige av bruk for å ikkje gro igjen og bli til skog. Ved for høg grad av gjødsling/beitetrykk forsvinn artar som er vare for gjødsling, og som er spesielle for semi-naturlege naturtypar. I kartleggingsområdet er naturtypane prega av at det er noko næring i grunnen (intermediært), og relativt få artar er registrert.



Figur 4-3: Utklipp frå NiN-web over kartlagde naturtypar i planområdet. Nummerering NM 1-NM 5 viser til delområder i kapittel 6.


Tabell 4-1 Oversikt over naturtypar etter MI registrert i planområdet.

Naturtype	NiN-kode	Antal lokalitetar	Utvalgskriterium for kartlegging
Slåttemark	D2.1	2 (NM 2 og NM 4)	Vurdering kritisk truga (CR) i MI og raudlista 2025. Utvald naturtype. Har sentral økosystemfunksjon
Naturbeitemark	D2.2	1 (NM 1)	Vurdering sårbar (VU) i MI og kritisk truga (CR) i raudlista 2025. Har sentral økosystemfunksjon
Kystlynghei	D4	2 (NM 3 og NM 5)	Vurdering truga (EN) i MI og raudlista 2025. Utvald naturtype

Marin kartlegging fann ikkje raudlista naturtypar.

4.3.1 Tidlegare kartlagde naturtypar, DN-handbok 13 og DN-handbok 19

Det er gjort søk i Miljødirektoratet sin Naturbase (14) og NiN-web (15). Det er registrert fleire terrestriske naturtypar etter DN-handbok 13 og to marine naturtype etter DN-handbok 19 i utgreiingsområdet (figur 4-4). Naturtypene skildrast iht. nummerering i figuren under denne. Det er ikkje tidlegare kartleggingar etter NiN og MI i området.



Figur 4-4: Utklipp frå Naturbasen som syner registrerte naturtypar i plan- og utgreiingsområdet (14). Planområdet er omtrentleg innteikna med stipla linje. Naturtypene er skildra iht. nummerering under figuren.

1. Hittun søraust, BN00025830. Naturbeitemark med utforming frisk fattigeng beita i svak hevd. Arealet er 13 daa, og hadde ved kartlegging i 2015 ein god førekomst av kystblåstjerne (EN) (14).
2. Ferjeleiet nord, BN00118861. Naturbeitemark med utforming frisk fattigeng beita, utan hevd. Arealet er 14,9 daa, og hadde ved kartlegging i 2015 ein god førekomst av kystblåstjerne (EN) (14).
3. Kleiva, BN000025831. Naturbeitemark med utforming frisk fattigeng beita. Arealet er 3,9 daa, og arealet hadde ved kartlegging i 2003 bra førekomstar av engartar og beitemarksopp. Beitemarksoppen raudnande lutvokssopp (VU) registrert. Friskare parti med meir gjørdelspreg (14).



4. Kleivavågen nord, BN0118859. Naturbeitemark med utforming frisk fattigeng beita, utan hevd. Arealet er 3,5 daa, og arealet hadde ved kartlegging i 2015 god førekomst av kystblåstjerne (EN) (14).
5. Værlandet-Bulandet, BM00122399. Skjelsandforekomst på ca. 1644 daa på 6-100 m djupne. Førekomsten er modellert, men basert på innsamla punktdata (14).
6. Værlandet-Bulandet, BM00122403. Skjelsandforekomst på 422 daa på 14-81 m djupne. Førekomsten er modellert, men basert på innsamla punktdata (14).
7. Austneset, BN00120933. Kalkfattig kystlynghei på ca. 2860 daa, i god hevd ved kartlegging i 2012. Området er mosaikk med jord- og nedbørsmyr (ca. 30 %) og nakent berg (ca. 20 %). Må sjåast i samanheng med tilliggande, stor kystlynghei i vest. Gode førekomstar av purpurlyng (NT) (14).

Registrerte naturtypar i DN-handbok 13 og 19 som er innanfor utgreiingsområdet er vist i tabell 4-2.

Tabell 4-2 Oppsummerande oversikt over naturtypar kartlagd etter DN-handbok 13 og -19 som er registrert i utgreiingsområdet.

Naturtype	NiN-kode	Antal	Utvalskriterium for kartlegging (iht. raudlista 2025)
Naturbeitemark	D2.1	4	Kristisk truga naturtype (CR)
Kystlynghei	D4	1	Kristisk truga naturtype (CR)
Skjelsand		2	

4.4 Terrestriske artar og økologiske funksjonsområde

Under skildrast ulike artsgrupper som førekjem i utgreiingsområdet, og i kva grad desse er relevante for tiltaket. Registreringar av artar med nasjonal forvaltingsinteresse i planområdet og utgreiingsområdet for fuglar er gjennomgått. Det er grunnleggitt kva økologiske funksjonar for artane som har gitt grunnlag for delområde.

4.4.1 Kjelder til informasjon

Fylgjande kjelder til kunnskap om artar og økologiske funksjonsområde i utgreiingsområdet er brukt:

- Artsdatabanken sitt Artskart (32)
- Kartlegging i samband med utgreiinga
- Sensitive artsdata – innsyn (33)
- Naturbase (14)

4.4.2 Faggrunnlag og registreringar

Karplantar, mosar, sopp og lav

Utgreiingsområdet for karplantar, mosar, sopp og lav er eit intermediært kalkkrevjande kulturlandskap. Det er få funn av raudlista artar, og funna er knytt til den semi-naturlege naturen. Artane som er registrert i utgreiingsområdet er vist i tabell 4-3 og figur 4-5.

Kystblåstjerne (EN) vart i 2025 ikkje gjenfunne like utanfor NM3 (sjå figur 4-3) eller ved ferjekaien, der arten er registrert i 2016. Arten kan vere like sør for NM4, men arealet her er ikkje i bruk, og flyfoto syner at det er meir gjengrodd enn det var i 2006 og 2015 då registreringane er gjort (34). Kystblåstjerne er svært knytt til beitemark, tidlegare slåtteeing og kystlynghei, og oftast på noko næringsrik grunn (30).

Tabell 4-3: Registrerte raudlista artar av karplanter, moser, sopp og lav innanfor utgreiingsområdet i perioden 2000-2026 (32).

Art	Raudliste-kategori	Registreringsår	Funnstad	Kommentar
Purpurlyng	NT	2015 og 2025	NM3	
Heistarr	NT	2025	NM3	
Kystblåstjerne	EN	2003-2025	NM3, like ved ferjekaien og inntil NM4	Ikkje gjenfunne ved NM4
Raudnande lutvokssopp	VU	2003	DN-13 lokalitet Kleiva, BN000025831 og inntil NM1	Ikkje registrert i Artskartkart, men skildra i DN-13 lokalitet Kleiva, BN000025831



Figur 4-5: Kartutklipp frå Artskart som syner registreringa av raudlista karplanter, moser og lav i området (32). Kystblåstjerne er markert med raud ring, purpurlyng med blå ring, heistarr med grøn ring og raudnande lutvokssopp med rosa ring. Registreringar av raudnande lutvokssopp er henta frå Naturbase kart og skildring av DN-13 lokalitet Kleiva, BN000025831.

Fugl

Ettersom det ikkje er utført eigen kartlegging av fugl i prosjektet, er det einaste artane observert under naturkartlegging som er kartlagd i prosjektet. Under naturtyperegistrering (25. juni 2025) vart ærfugl (VU) og tjeld (NT) registrert på næringsøk i planområdet, like nedanfor butikken, og gauk (NT) og heilo (NT) vart registrert i utgreiingsområdet, vest for planområdet.

I planområdet er det i Artskart registrert 206 observasjonar av fugl frå og med år 2000, og nesten 3000 innanfor 1 km (utgreiingsområdet for fugl) (32). Værlandet har eit stort naturreservat som er svært viktig for fugl, og det ligg to andre naturreservat som er viktige for fugl nær utgreiingsområdet (sjå

verneområde kap. 4.1.1). Til naturreservata og i området elles er det knytt svært mange registreringar av fugl. Totalt er det 2886 registreringar av raudlista fugl i utgreiingsområdet, og av alle desse er berre 4 registreringar frå før år 2010 (32). Svært mange av registreringane på Værlandet er gjort av kjente ornitologar.

Tabell 4-4 syner raudlista fugleartar som har årvisse registreringar gjennom heile eller bestemte delar av året og tabell 4-5 syner raudlista fugleartar som er registrert sporadisk, eller ikkje registrert dei siste 3 åra. Av artar vist i tabell 4-5 hekkar songlerke, raudstilk, teist, ærfugl m.fl. på Værlandet, og artar som bergand, lomvi, alke, havelle nyttar området i vinterhalvåret. Registreringane i Artskart gir såleis berre ein indikasjon på artsmangfaldet og dei ulike artane sin bruk av området, og venteleg er det svært mykje fugl som ikkje vert registrert, eller dei er registrert på ei tid av året, men nyttar området også elles i året. Registreringane i Artskart syner at utgreiingsområdet er svært viktig for raudlista fugl.

I tillegg til registreringane av dei raudlista fugleartane er det nesten 13 500 registreringar av livskraftige artar (LC) i utgreiingsområdet (32).

Tabell 4-4: Fugleartar som er stasjonære heile året og/eller som nyttar området til hekking eller overvintrings-område (32).

Kategori i raudlista	Vitskapleg namn	Norsk namn	Ant. individ per reg.	Antal reg.	Aktivitet i utgreiingsområdet
Kritisk truga (CR)	<i>Chroicocephalus ridibundus</i>	hettemåke	1-4	24	Heile året, også hekking
	<i>Vanellus vanellus</i>	vipe	1-5	32	Vår og haust
Sterkt truga (EN)	<i>Rissa tridactyla</i>	krykkje	1-5	30	Heile året, matsøk
	<i>Sterna hirundo</i>	makrellterne	1-28	90	Hekker, matsøk
	<i>Numenius arquata</i>	storspove	1-5	41	Haut-vinterhalvår, matsøk
	<i>Saxicola rubicola</i>	svartstrupe	1-4	26	Hekker, matsøk
Sårbar (VU)	<i>Loxia leucoptera</i>	bandkorsnebb	1-20	55	Matsøk, moglegevis hekking, juli-nov.
	<i>Larus canus</i>	fiskemåke	1-40	172	Heile året, også hekking
	<i>Poecile montanus</i>	granmeis	1-30	110	Heile året, også hekking
	<i>Chloris chloris</i>	grønfink	1-80	427	Heile året, også hekking
	<i>Larus argentatus</i>	gråmåke	1-120	357	Heile året, også hekking
	<i>Melanitta nigra</i>	svartand	1-38	35	Stasjonær okt-juni
	<i>Stercorarius parasiticus</i>	tjuvjo	1-5	21	Vår-sommar, hekking
Nær truga (NT)	<i>Rallus aquaticus</i>	vassrikse	1-2	79	Haut-vinterhalvår, matsøk
	<i>Gallinago media</i>	dobbeltbekkasin	1	9	Vår/haust
	<i>Cuculus canorus</i>	gjøk	1-4	45	Hekker
	<i>Passer domesticus</i>	gråspurv	1-15	147	Heile året, også hekking
	<i>Pluvialis apricaria</i>	heilo	1-6	23	Vår-sommar-haut
	<i>Phalacrocorax carbo</i>	storskarv	1-80	163	Heile året, hekker
	<i>Sturnus vulgaris</i>	stær	1-500	430	Heile året, også hekking
	<i>Delichon urbicum</i>	taksvale	1-5	27	Vår-sommar-haut
	<i>Haematopus ostralegus</i>	tjeld	1-150	90	Vår-sommar-haut, matsøk og hekking



Streptopelia decaocto	tyrkerdue	1-3	30	Vår-sommar, moglegevis hekking
-----------------------	-----------	-----	----	--------------------------------

Tabell 4-5: Fugleartar registrert sporadisk i området, eller som ikkje er registrert dei siste åra (32).

Kategori i raudlista	Vitskapleg namn	Norsk namn	Ant. individ per registrering	Antal registreringar
Kritisk truga (CR)	<i>Curruca nisoria</i>	hauksangar	1-2	15
	<i>Uria aalge</i>	lomvi	1-2	10
	<i>Emberiza rustica</i>	vierspurv	1	1
Sterkt truga(EN)	<i>Aythya marila</i>	bergand	1-2	14
	<i>Tachybaptus ruficollis</i>	dvergdykkar	1	6
	<i>Calcarius lapponicus</i>	lappspurv	1-2	7
	<i>Fratercula arctica</i>	lunde	1-4	2
	<i>Circus cyaneus</i>	myrhauk	1	1
	<i>Phoenicurus ochruros</i>	svartrødstjert	1	2
	<i>Anser fabalis</i>	taigasædgås	1	1
Sårbar (VU)	<i>Alca torda</i>	alke	1	5
	<i>Calidris pugnax</i>	brushane	1-31	12
	<i>Emberiza pusilla</i>	dvergspurv	1	10
	<i>Pandion haliaetus</i>	fiskeørn	1	2
	<i>Emberiza citrinella</i>	gulspurv	1-2	14
	<i>Podiceps auritus</i>	horndykkar	1	3
	<i>Astur gentilis</i>	hønehauk	1	17
	<i>Falco rusticolus</i>	jaktfalk	1	1
	<i>Riparia riparia</i>	sandsvale	1-2	15
	<i>Gallinula chloropus</i>	sivhøne	1	7
	<i>Melanitta fusca</i>	sjørre	1-3	9
	<i>Fulica atra</i>	sothøne	1	3
	<i>Anas acuta</i>	stjertand	1-2	34
	<i>Anser serrirostris</i>	tundrasædgås	1	1
	<i>Somateria mollissima</i>	ærfugl	1-100	19
Nær truga (NT)	<i>Locustella naevia</i>	grashoppesangar	1	1
	<i>Clangula hyemalis</i>	havelle	1-27	13
	<i>Pinicola enucleator</i>	konglebit	2	1
	<i>Phalacrocorax carbo subsp. sinensis</i>	mellomskarv	1-2	5
	<i>Carpodacus erythrinus</i>	rosenfink	1	8
	<i>Tringa totanus</i>	raudstilk	1-2	4
	<i>Alauda arvensis</i>	sanglerke	1-5	22
	<i>Numenius phaeopus</i>	småspove	1-2	4
	<i>Mareca strepera</i>	snadderand	2-5	5
	<i>Arenaria interpres</i>	steinvendar	20	1
	<i>Cephus grylle</i>	teist	1-8	17
	<i>Apus apus</i>	tårnseglar	1	8

4.5 Vassførekomst

4.5.1 Kjelder til informasjon


Fylgjande kjelder til kunnskap om artar og økologiske funksjonsområde i utgreiingsområdet er brukt:

- Miljødirektoratet sitt vann-nett (35)
- Artsdatabanken sitt Artskart (32)
- Kartlegging i samband med utgreiinga

4.5.2 Registreringar

Aldefjorden

Aldefjorden, vassførekomst 0280031600-C, er einaste vassførekomst som omfattast av tiltaket (figur 4-6). Vassførekomsten utgjer sjøområdet mellom Værlandet og Alden, Tvibyrgje og Atløy i nord og mot sør Raudøyna, Aralden og Geita i sør, eit område på ca. 56 km². Vassførekomsten tilhøyrer vass- og kysttype «moderat eksponert kyst», er euhalin med salthaldigheit på > 30, og moderat bylgjeekspont. Økologisk tilstand er registrert som svært god og kjemisk tilstand er registrert som god, begge med god presisjon. Vassførekomsten er i liten grad påverka av akvakultur, avløpsanlegg og diffus påverknad frå tettstader (35).




Figur 4-6: Utklypp frå Vann-nett som syner Aldefjorden, vassførekomst 0280031600-C (35). Tiltaksområdet omtrentleg vist med svart sirkel.

Det er ikkje registrert kvalitetselement for vassførekomsten i sjølve tiltaksområdet, og næraste stasjon med informasjon ligg ca. 830 m frå tiltaksområdet (36).

Marine artar og økologiske funksjonsområde

Vest for Alden er eit gyteområde for torsk, som gyt i februar-april (37). Området er nytta til fiskeri, og informasjon i Yggdrasil indikerar nokre av artane som lever i området, då det er registrert fiske etter livskraftige artar som sei, hyse, sjøkreps, krabbe og hummar (37). Torsk, sei og lyr står på lista over ansvarsartar, og er artar Norge har eit særleg forvaltingsansvar for (38). Figur 4-7 syner dei registrerte områda med desse artane. Prøvar av botndyr tatt i samband med miljøundersøkingar for akvakulturanlegg, MOMC-undersøkingar, har funne mange artar av livskraftige blautdyr og nokre av pigghudar. Venteleg er artsmangfaldet i sjøområdet mykje større enn det som er registrert i databasar.



Figur 4-7: Utklipp frå Fiskeridirektoratet sitt Yggdrasil med utval gytefelt og fiskeri (37).

ROV


12. juli – 25 vart det utført marin kartlegging med ROV i fem transekt som skildra i tabell 4-6 og vist i figur 4-8. ROV vart utført av Seløy Undervannsservice AS, og kvaliteten er tidvis dårleg då ROV har blitt køyrd litt langt over sjøbotn og har hatt lite lys. Marinbiolog Silje Hadler-Jacobsen i Multiconsult har tolka informasjonen.

Tabell 4-6: Informasjon om transekta køyrd med ROV 12. juli 2025.

Transekt	Transekt start (UTM32)	Djupne ved start (m)	Transekt slutt (UTM32)	Djupne ved slutt (m)	Køyreretning
Linje 1	N: 6804319 Ø: 272010	26	N: 6803923 Ø: 271200	17,5	SØ
Linje 2	N: 6804556 Ø: 272197	46	N: 6803817 Ø: 272114	18	N-NV
Linje 3	N: 6803910 Ø: 272210	16	N: 6804000 Ø: 271906	3	V-NV
Linje 4	N: 6804060 Ø: 271942	19	N: 6804022 Ø: 272183	21	V-NV
Linje 5	N: 6804187 Ø: 272217	27	N: 6804134 Ø: 271959	15	V-SV

Observerte artar og naturtypar langs transekta vart registrert i etterkant av utført filming, som skildra i tabell 4-7. Det vurderast at utført undersøking er tilstrekkeleg for å vurdere natur som er tilstades i undersøkt område. Det er ikkje registrert marine naturtypar av stor forvaltingsverdi i området. At artar ikkje er observert betyr ikkje at arten ikkje er tilstades, og artsbestemming av mindre dyr let seg ikkje gjere med ROV-film. Artsmangfaldet er større enn det som kjem fram her.


Bilete frå ROV-filming av dei ulike transekta er vist i figur 4-9-figur 4-13.




Figur 4-8: Utførte transekt med ROV 12. juli 2025.

Tabell 4-7: Skildring av funn frå ROV-registrering


Linje nr.	Botntilhøve	Algar observert og tilstand	Andre artar registrert
1	Blandingsbotn med stadvis skjelsand med tareskog og stadvis berg.	Ein del tare som er avspist, sukkertare i god tilstand frå ca. 18 m djupne. På berg noko raudalger.	Sjøpiggsvin, eggsekkar av tiarma blekksprut, bergnebb, piggorstroll, raud solstjerne, sjuarmsjøstjerne, lurv (truleg) og mosdyr.
2	Blandingsbotn med stadvis sand/skjelsand, stadvis pukk/grus og stadvis berg	Spreidd sukkertare, mykje nedbeita	Svabergsjøpiggsvin, strandkrabbe og kamskjel
3	Blandingsbotn med stadvis berg, skjelsand, blokkur, grus og sand	Noko stortare og sukkertare som er noko tilgrodd, og stadvis av lurv.	Svabergsjøpiggsvin og kamskjel
4	Blandingsbotn med skjelsand/grov grus, blokk og berg	Stortare og sukkertare, stadvis nedbeita av sjøpiggsvin. Fingertare, martaum og kjerringhår.	Sjuarmsjøstjerne og svabergsjøpiggsvin
5	Blandingsbotn med skjelsand, berg, grov grus og blokk	Sukkertare, stadvis nedbeita, noko raudalger (truleg)	Svabergsjøpiggsvin, leppefisk, daudmannshand på stein



Figur 4-9: Bilete frå ROV linje 1, ved start og slutt transekt. Bilete 1 viser skjelsand og berg med restar av tare og bilete 2 viser blokk og skjelsand med sukkertare.




Figur 4-10: Bilete frå ROV linje 2. Bilete 1: På 39 m djupne er det pukk/grus og skjelsand med spreidde individ sukkertare, og bilete 2: ved slutt transekt ser ein kamskjel på skjelsandbotn.



Figur 4-11: Bilete frå ROV linje 3. Bilete 1 frå 21 m djupne med nedbeita stortare og fleire sjøpiggsvin og bilete 2 tareskog med noko lurv ved slutt transekt.



Figur 4-12: Bilete frå ROV linje 4. Bilete 1 frå 5 m djupne syner fingertare, martaum og kjerringhår med noko lurv. Bilete 2 blandingsbotn med blokk, grus og skjelsand på 34 m djupne.



Figur 4-13: Bilete frå ROV linje 5. Bilete 1 ved start transekt syner einskilde nedbeita tarestilkar på skjelsand og berg. Bilete 2 ved slutt transekt syner sukkertareskog på blokk og skjelsand med nokre daudmannshand på stein.

4.6 Framande artar

4.6.1 Kjelder til informasjon

- Artskart (32)
- Synfaring i samband med naturtypekartlegging

4.6.2 Registreringar

Det er få registreringar av framande planteartar innanfor planområdet, men nokre førekomstar av framande planteartar er funne nær veg og bygg, sjå tabell 4-8 og figur 4-14. Framande artar er ikkje kartlagt i detalj, men observasjonane i felt er knytt til areal ved hus og fritidsbustader.

Tabell 4-8: Oversikt over framande artar registrert i planområdet.

Art	Kategori	Skildring
Mispel sp	SE	På fritidseigedom nærast ferjekai
Rynkerose	SE	Langs vei og ved bustad vest i planområdet
Raudhyll	SE	Ved bustad vest i planområdet
Fagerfredlaus	SE	Ved bustad vest i planområdet
Filtarve	SE	Mellom bustad og fergekai aust i området
Skogskjegg	SE	Ved bustad vest i planområdet
Kaprifol	HI	På fritidseigedom nærast ferjekai
Laurbærhegg	HI	Langs vei og ved bustad vest i planområdet
Raudsveve	NR	Langs vei og ved bustad vest i planområdet
Bergfuru	SE	Langs Skogsvågsvegen
Sitkagran	SE	Nord for butikken og langs Skogsvågsvegen



Figur 4-14: Utklipp frå Artskart som syner registreringar av framande artar (lilla prikkar) i utgreiingsområdet (32).

4.7 Landskapsøkologiske samanhengar

4.7.1 Kjelder til informasjon

Fylgjande kjelder til kunnskap om landskapsøkologiske samanhengar er brukt:

- Arealtypar (AR50)
- Artskart
- Utført feltregistrering

4.7.2 Registreringar

Heile planområdet på land inngår i eit gammalt kulturlandskap, der innmark har vore slått og beita og utmarka brent og beita.

Værlandet og omkringliggende område er svært viktig for fugl, og det inngår i trekkruta for mange artar både vår og haust (32).

4.8 Geologisk mangfald

Geologisk mangfald er grunnlaget for landskap og biologisk mangfald, og omfattar variasjon i berggrunn, mineralar, lausmassar, landformer og prosessane som skapar dette. Temaet delast i kategoriane:

- utvalde bergartar
- utvalde mineralførekomstar
- utvalde fossilførekomstar
- landformer (geotopar) andre kvartærgeologiske førekomstar



Geologisk arv er geologisk mangfald-lokalitetar som kan gi kunnskap om geologiske prosessar og historie. Lokalitetar som eignar seg for vitenskap, undervisning eller opplevingar kallast geostad. Einast geostadar med geologisk arv og raudlista landformer/geotopar skal verdsettast i ei konsekvensutgreiing (2).

Kommersielle geologiske førekomstar tilhøyrrer fagområde naturressursar.

4.8.1 Kjelder til informasjon

Eksisterande kunnskap om geologisk mangfald er basert på fylgjande kjelder:

- Datasettet geologisk arv Norges Geologiske undersøkelse (39)
- Gnist – Geosteder i Norge og Sverige (40)
- Nasjonal berggrunnsdatabase, Norges Geologiske undersøkelse (28)
- Nasjonal løsmassedatabase, Norges Geologiske undersøkelse (29)

Det pågår arbeid med ei ny kartteneste for landformer i Norge (29) under Natur i Norge (41), noko som vil kome, og som kan bli ein viktig database for kunnskap for fagområdet.

Kunnskap om påverknad og konsekvens på temaet er henta frå flyfoto, digitale AR5-kart lausmassekart. Det er ikkje gjennomført feltregistrering for fagområdet.

4.8.2 Registreringar

Geologisk arv og raudlista landformer

Det føreligg ikkje registreringar i databasane over geologisk arv (39) eller raudlista landformer (geotopar) (40) innanfor utgreiingsområdet.

Berggrunn og lausmassar

Temaet er skildra i kapittel 4.1.2 området sin økologi under berggrunn og lausmassar.

4.9 Økosystemtenester

Kva økosystemtenester vassmiljøet og naturmangfald i sjø i utgreiingsområdet gir, er basert på ei skjønsmessig vurdering av funksjonane til dei naturtypene, artane og øvrige tilhøve som er til stades. Kunnskap om tilhøve av betydning for økosystemtenester har kome fram gjennom innsamling av kunnskap i samband med andre registreringskategoriar.

Skildringa av økosystemtenestene i utgreiingsområdet gir eit anna perspektiv på naturverdiar enn dei andre registreringskategoriane gir. Økosystemtenestene skildrast under, men desse aspekta ved naturen inngår ikkje i verdi-, påverknad- eller konsekvensvurderinga. Økosystemtenestene kan vektleggast ved rangering av alternativa i kap. 7 dersom det er relevante forskjellar som ikkje kjem fram gjennom andre vurderingar av naturmangfald. Naturen sine økosystemtenester i utgreiingsområdet:



Grunnleggande livsprosessar:

- Grunnleggande livsprosessar er grunnlaget for alle andre økosystemtjenester.
- Vegetasjon bidreg med fotosyntese som gir oksygen og glukose og absorberer karbondioksid og vann.
- Alt levande bidreg etter at det er dautt og nedbroten til danning av jord og sediment.
- Intakt naturmangfald er essensielt for næringsstoff og vatn sine kretsløp.
- Intakt naturmangfald gir genetiske ressursar med genetisk variasjon til evolusjonsprosessar, som gir naturen variasjon og robustheit
- Intakt naturmangfald er kjelde til økologiske interaksjonar som skapar dynamikk, balanse og robustheit i økosystema.

Forsynings- tenester

- Intakt naturmangfald er kjelde til allereie nytta og framtidige biokjemikaliar, medisinar, næringsmiddel som fisk og sjømat, bær, sopp, vilt, vidare naturressursar som alginat og trevirke, skjelsand med meir.
- Intakt vegetasjon er livsmiljø for pollinatorar som pollinerar ville og domestiserte planter, herunder matplanter i dag og i framtida.

Regulerande tenester

- Intakt vegetasjon og jordsmonn/sediment med organisk innhald, lagrar karbon. Myr og skogsmark er spesielt karbonrikt, og er svært viktige karbonlager.
- Sjø og sjøsediment er svært viktige karbonlager.
- Vegetasjon bidreg til å regulere atmosfæren sitt innhald av karbondioksid gjennom fotosyntesen.
- Intakt vegetasjon og jordsmonn vernar mot erosjon, flaum, ras, skred.
- Gir fordrøying og absorbering av overvatn.
- Jordsmonn bidreg til reinsing av vatn gjennom infiltrasjon i grunnen og vedlikeheld grunnvatn.
- Stadig tilførsle av dautt organisk materiale vedlikeheld jordsmonnet.
- Intakte kantsoner absorberer og filtrerar avrenning frå omgjevnadane til vatn og vassdrag og kan hindre forureining frå t.d. landbruk.
- Intakte vassdrag og ope vann/sjø med kantsoner, samt grøntområder, er med på å regulere temperatur og luftfukt, og bidreg med reinsing av vatn og naturleg avfallshandsaming.
- Intakt naturmangfald med genetisk variasjon og robustheit har ei regulerande effekt i høve til å bekjempe sjukdom, klimaendringar, og moglegheit til biologisk kontroll av skadelege organismar.


Kunnskap, oppleving og naturarv

- Intakt natur er kjelde og åstad for rekreasjon, friluftsliv og naturbasert turisme som gir velvere, stadsidentitet, mentalt velvere, inspirasjon og symbolske perspektiv.
- Intakt natur er kjelde til kunnskap og læring.
- Naturarv har ein eigenverdi utover å vere en teneste for menneska.

5 Vassmiljø - Trinn 1: Verdi, påverknad og konsekvens for delområde

5.1 Delområde og verdikart

Det er berre ein vassførekomst som kan bli omfatta av tiltaket, Aldefjorden, vassførekomst 0280031600-C. Verdikart for vassførekomsten er vist i figur 5-1. Det er vassførekomsten innanfor stipla linje 1 km frå plangrensa som inngår i utgreiinga.



Figur 5-1: Verdikart for Aldefjorden.



5.2 Vassførekomstar

5.2.1 Delområde VM1 Aldefjorden, hamneområdet Værlandet

Avgrensing

Figur 5-1 syner vassførekomsten. Det er vassførekomsten innanfor stipla linje som inngår i utgreiinga, dette er 1 km frå plangrensa.

Skildring

Aldefjorden utgjer sjøområdet mellom Værlandet og Alden, Tvibyrgje og Atløy i nord og Raudøyna, Aralden og Geita i sør, eit område på ca. 56 km² (35). Det er livskraftige artar som er registrert i området (32) (37) (42). Det er ikkje registrert naturtypar av forvaltingsverdi i utgreiingsområdet (14). Vassførekomsten er registrert med svært god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand (43).

Endring av økologisk eller kjemisk tilstand

Planlagd tiltak er av avgrensa storleik og vil ikkje kunne påverke vassførekomsten i ein slik grad at miljøtilstanden vert varig negativt påverka. Det er vurdert å ikkje vere behov for kartlegging av kjemisk- og økologisk tilstand i tiltaksområdet. Påverknaden vil vere lokal og mellombels i anleggsfasen. Prøvetaking av sediment må utførast i samband med søknad om tiltak i sjø for å tilpasse tiltak til den lokale sedimentkvaliteten med omsyn til ev. miljøgifter i sjøsedimenta.

Tabell 5-1 syner vurdering av delområdet. Vurdering av alternativ 1.0 mot nullalternativet fylgjer standard KU-metodikk (skildra i vedlegg 13 og 13.3).

Tabell 5-1: Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens delområde Aldefjorden, hamneområdet Værlandet.

Verdivurdering: Delområde VM1 Aldefjorden, hamneområdet Værlandet							
Områdetype: Vassførekomst							
Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
Aldefjorden har svært god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.							
Delområdet er gitt svært stor verdi , etter verditabellen i vedlegg 1, jf. tabell 13-1.							
Tiltaket sin påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert		
Alt. 1	▲						
	Påverknad av tiltaket er vurdert som ubetydeleg endring.						
	Grunngiving: Vassførekomsten får ikkje endra kjemisk- eller økologisk tilstand. Tiltaket vil ikkje gi varig negativ påverknad på artar og deira økologiske funksjonsområde. Anleggsfasen vil ha avgrensa, mellombels negativ innverknad.						
Tiltaket sin konsekvens							
Utbyggingsalternativ	3/4+	1/2+	0	1-	2-	3-	4-
Alt. 1	▲						
	Ubetydeleg konsekvens for delområdet (0).						



5.3 Trinn 2: Konsekvens av alternativ

Aldefjorden er ein stor vassførekomst med stor vassutskifting. Etablering av ny ferjekai og riving av eksisterande kai vil ikkje kunne påverke vassførekomsten permanent, og påverknaden vert einast lokalt i anleggsfasen.

Samanstilling av konsekvensar for vassmiljø er vist i tabell 5-2. Avbøtande tiltak som anbefalast er skildra i kapittel 8.

Tabell 5-2: Oppsummering av konsekvens og samla vurdering for dei ulike alternativa.

Delområde	Alt. 0	Alt. 1
VM1 Aldefjorden	0	0
Samla vurdering	Ingen konsekvens	Ubetydeleg konsekvens
Grunngiving for samla konsekvensgrad		Vassførekomsten vil lokalt bli mellombels påverka av tiltaket i anleggsfasen
Rangering	1	2

6 Naturmangfald - Trinn 1: Verdi, påverknad og konsekvens for delområde

6.1 Delområde og verdikart


Utgreiingsområdet er delt inn i seks delområde. Desse er lista i tabell 6-1. Dei største delområda er funksjonsområde for raudlista fugleartar og for rovfugl. Verdikart for naturmangfald er vist i figur 6-1.

Tabell 6-1: Oversikt over delområde i utgreiingsområdet.

Type	Delområde
Naturtype MI	NM 1 - Naturbeitemark
Naturtype MI	NM 2 - Slåttemark
Naturtype MI	NM 3 - Kystlynghei
Naturtype MI	NM 4 - Slåttemark
Naturtype MI	NM 5 - Kystlynghei
Art: Fugl	NM 6 – Økologisk funksjonsområde raudlista fugl i planområdet



Figur 6-1: Verdikart for naturtyper.



Figur 6-2: Verdikart for fugl.

6.2 Område med registrerte eller verdsette artar og naturtypar

Verdikartet i figur 6-1 syner delområda NM 1- NM 5, som skildrast under.

6.2.1 Delområde NM 1 – Naturbeitemark Værøen 1

Skildring

Lokalitet kartlagt etter MI som D2.2 Naturbeitemark. Naturtypelokaliteten er vurdert til høg lokalitetskvalitet. Dette er ei semi-naturlig eng (T32) med beitemarkspreg (figur 6-3). Semi-naturlig eng har iht. ny raudliste status kritisk truga (CR) (3). Delområdet er kutta av plangrensa og ligg i eit samanhengande kulturlandskap. Purpurlyng er registrert i området i 2015 (32), men arten vart ikkje gjenfunne i 2025.



Figur 6-3: Bilete tatt i naturtypelokaliteten.

Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for delområdet

Vurdering av hovudalternativet 1.0 mot nullalternativet fylgjer standard KU-metodikk (skildra i vedlegg 13 og 13.3). Vurdering for delområdet er vist i tabell 6-2.



Tabell 6-2: Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens delområde NM 1.

Verdivurdering: Delområde NM 1 – Naturbeitemark Værøen							
Registreringskategori: Naturtype kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks							
Utans betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
<p style="text-align: right;">▲</p> <p>Naturbeitemark er ein naturtype etter MI (4). Semi-naturlig eng har raudliste-vurdering kritisk truga (CR). Lokaliteten sin kvalitet er høg, enga framstår som intakt semi-naturleg eng og vert beita av sau. Lokaliteten er kutta av prosjektgrensa og må sjåast i samanheng med at han grenser mot ei stor kystlynghei. Sårbare (VU) artar og deira funksjonsområde gir stor verdi.</p> <p>Delområdet er gitt svært stor verdi, etter verditabellen i vedlegg 1, jf. tabell 13-2.</p>							
Tiltaket si påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert		
1.0	<p style="text-align: center;">▲</p> <p>Påverknaden av tiltaket er ubetydeleg endring.</p> <p>Grunngiving: Lokaliteten vert ikkje omfatta av tiltaket.</p>						
Tiltaket sin konsekvens							
Utbyggingsalternativ	Svært stor positiv +++ / +++++	Noko/middels positiv + / ++	Ubetydeleg 0	Noko negativ -	Middels negativ --	Stor negativ ---	Svært stor negativ ----
1.0	<p style="text-align: center;">▲</p> <p>Delområdet har ubetydeleg konsekvens (0) då det ikkje vert omfatta av tiltaket.</p>						

6.2.2 Delområde NM 2 – Slåttemark Vika 2

Skildring

Lokalitet kartlagt etter MI som D2.1 Slåttemark, ei semi-naturlig eng (T32) med slåttepreg. Naturtypelokaliteten er vurdert til låg lokalitetskvalitet. All semi-naturlig eng har iht. ny raudliste status kritisk truga (CR) (3). Delområdet ligg i eit samanhengande kulturlandskap, og lokaliteten held fram nord for plangrensa.

Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for delområdet

Vurdering av hovudalternativet 1.0 mot nullalternativet fylgjer standard KU-metodikk (skildra i vedlegg 13 og 13.3). Vurdering for delområdet er vist i tabell 6-3.



Tabell 6-3: Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens delområde NM 1

Verdivurdering: Delområde NM 2 – Slåttemark Vika 2							
Registreringskategori: Naturtype kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks							
Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p>Slåttemark er ein naturtype etter MI (4). Semi-naturlig eng har raudliste-vurdering kritisk truga (CR). Lokaliteten sin lokalitetskvalitet er låg. Enga framstår som intakt semi-naturleg eng og vert slått og beita, men lett gjødslingspreg trekk ned kvaliteten. Lokaliteten er kutta av prosjektgrensa.</p> <p>Delområdet er gitt stor verdi, etter verditabellen i vedlegg 1, jf. tabell 13-2.</p>							
Tiltaket si påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert		
1.0	▲						
	<p>Påverknaden av tiltaket er ubetydeleg endring.</p> <p>Grunngiving: Lokaliteten vert ikkje omfatta av tiltaket.</p>						
Tiltaket sin konsekvens							
Utbyggingsalternativ	Svært stor positiv +++ /++++	Noko/middels positiv + /++	Ubetydeleg 0	Noko negativ -	Middels negativ --	Stor negativ ---	Svært stor negativ ----
1.0	▲						
	<p>Delområdet har ubetydeleg konsekvens (0) då det ikkje vert omfatta av tiltaket.</p>						

6.2.3 Delområde NM 3 – Kystlynghei Vika 1

Skildring

Lokalitet kartlagt etter MI som D2.2 Naturbeitemark. Naturtypelokaliteten er vurdert til god lokalitetskvalitet (sjå bilde i figur 6-4). Dette er ein semi-naturleg naturtype (T34) som føreset sviing og beite. Kystlynghei har raudlistestatus kritisk truga (CR) (3). Delområdet ligg i eit samanhengande kulturlandskap. Raudlistearter kystblåstjerne (EN), purpurlyng (NT) og heistarr (NT) inngår i delområdet.



Figur 6-4: Bilde tatt i naturtypelokaliteten. Til høgre ser ein mykje lyng i pionerfasen.

Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for delområdet

Vurdering av hovudalternativet 1.0 mot nullalternativet følgjer standard KU-metodikk (skildra i vedlegg 13 og 13.3). Vurdering for delområdet er vist i tabell 6-4.



Tabell 6-4: Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens delområde NM 1

Verdivurdering: Delområde NM 3 – Kystlynghei Vika 1							
Registreringskategori: Naturtypar kartlagd etter Miljødirektoratet sin instruks							
Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p>Kystlynghei er ein naturtype etter MI (4) og ein utvald naturtype (44). Kystlynhei har raudlistevurdering kritisk truga (CR). Lokaliteten sin tilstandskvalitet er høg, lokaliteten er i aktiv bruk med mykje lyng i pionerfasen og han vert beita av sau. Lokaliteten er kutta av prosjektgrensa og må sjåast i samanheng med at han grenser mot eit større areal kystlynghei/naturbeitemark. Både utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova § 52, sterkt truga (EN) arter og deira funksjonsområde gir svært stor verdi. Kritisk truga naturtypar med høg kvalitet gir også svært stor verdi.</p> <p>Delområdet er gitt svært stor verdi, etter verditabellen i vedlegg 1, jf. tabell 13-2.</p>							
Tiltaket si påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert		
1.0	▲						
<p>Påverknaden av tiltaket er ubetydeleg endring.</p> <p>Grunngiving: Lokaliteten vert ikkje omfatta av tiltaket.</p>							
Tiltaket sin konsekvens							
Utbyggingsalternativ	Svært stor positiv +++ / ++++	Noko/middels positiv + / ++	Ubetydeleg 0	Noko negativ -	Middels negativ --	Stor negativ ---	Svært stor negativ ----
1.0	▲						
<p>Delområdet har ubetydeleg konsekvens (0) då det ikkje vert omfatta av tiltaket.</p>							

6.2.4 Delområde NM 4 – Slåttemark Soknavåg 1

Skildring

Lokalitet kartlagt etter MI som D2.1 Slåttemark. Naturtypelokaliteten er i moderat tilstand då enga er i ekstensiv bruk/nyleg har gått ut av bruk, og framstår som intakt. Dette er ei semi-naturlig eng (T32) med slåttepreg. All semi-naturlig eng har iht. ny raudliste status kritisk truga (CR) (3). Delområdet ligg i eit samanhengande kulturlandskap, og lokaliteten held fram nord for plangrensa. Raudlisteart kystblåstjerne (EN) vart i 2015 registrert like på utsida av lokaliteten (32), men arten vart ikkje gjenfunne i lokaliteten i 2025.

Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for delområdet

Vurdering av hovudalternativet 1.0 mot nullalternativet fylgjer standard KU-metodikk (skildra i vedlegg 13 og 13.3). Vurdering for delområdet er vist i tabell 6-5.



Tabell 6-5: Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens delområde NM 4

Verdivurdering: Delområde NM 4 – Soknavåg 1							
Registreringskategori: Naturtype kartlagt etter Miljødirektoratet sin instruks							
Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p>Slåttemark er ein naturtype etter MI (4). Semi-naturlig eng har raudlistevurdering kritisk truga (CR). Lokaliteten sin kvalitet er låg, enga framstår som intakt semi-naturleg, men lett gjødslingspreg og svak effekt av framandartar og få habitatspesifikke artar trekk ned kvaliteten. Lokaliteten er kutta av prosjektgrensa.</p> <p>Delområdet er gitt stor verdi, etter verditabellen i vedlegg 1, jf. tabell 13-2.</p>							
Tiltaket si påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert		
1.0	▲						
	<p>Påverknaden av tiltaket er ubetydeleg endring.</p> <p>Grunngiving: Lokaliteten vert ikkje omfatta av tiltaket.</p>						
Tiltaket sin konsekvens							
Utbyggingsalternativ	Svært stor positiv +++ / ++++	Noko/middels positiv + / ++	Ubetydeleg 0	Noko negativ -	Middels negativ --	Stor negativ ---	Svært stor negativ ----
1.0	▲						
	<p>Delområdet har ubetydeleg konsekvens (0) då det ikkje vert omfatta av tiltaket.</p>						

6.2.5 Delområde NM 5 – Kystlynghei Soknavågen 1

Skildring

Lokalitet kartlagt etter MI som D4 Kystlynghei. Naturtypelokaliteten er vurdert til låg lokalitetskvalitet då all lyng er i brakkleggingsfase. Kystlynghei er ein raudlista naturtype med status kritisk truga (CR) (3), og det er ein utvald naturtype (44). Delområdet ligg i eit samanhengande kulturlandskap. Bilete av lokaliteten er synt i figur 6-5.



Figur 6-5: Til venstre bilete tatt mot naturtypelokaliteten frå aust og mot vest, til høgre bilete tatt på haugen i naturtypen som syner purpurlyng (NT) i blom.



Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for delområdet

Vurdering av hovudalternativet 1.0 mot nullalternativet følger standard KU-metodikk (skildra i vedlegg 13 og 13.3). Vurdering for delområdet er vist i tabell 6-6.

Tabell 6-6: Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens delområde NM5

Verdivurdering: Delområde NM 5 – Kystlynghei Soknagåven 1							
Registreringskategori: Naturtypar kartlagd etter Miljødirektoratet sin instruks							
Utan betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
Kystlynghei er ein naturtype etter MI (4) og ein utvald naturtype (44). Kystlynhei har raudlistevurdering kritisk truga (CR). Lokaliteten sin kvalitet er låg, lokaliteten er i brakkleggingsfase og har ikkje beitespor. Lokaliteten er kutta av prosjektgrensa og må sjåast i samanheng med at han grenser mot eit større areal kystlynghei/naturbeitemark. Utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova § 52 gis svært stor verdi.							
Delområdet er gitt svært stor verdi , etter verditabellen i vedlegg 1, jf. tabell 13-2.							
Tiltaket si påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert		
1.0	▲						
Påvirkningen av tiltaket vurderes til ubetydelig endring .							
Grunngiving: Lokaliteten vert ikkje omfatta av tiltaket.							
Tiltaket sin konsekvens							
Utbyggingsalternativ	Svært stor positiv +++ /++++	Noko/middels positiv + /++	Ubetydeleg 0	Noko negativ -	Middels negativ --	Stor negativ ---	Svært stor negativ ----
1.0	▲						
Delområdet har ubetydeleg konsekvens (0) då det ikkje vert omfatta av tiltaket.							

6.2.6 Delområde NM 6 – Økologisk funksjonsområde for raudlista fugleartar

Avgrensing

Avgrensing er vist i figur 6-2 delområdet strekk seg 1 km frå planområdet alle retningar.

Skildring

Det er registrert svært mykje raudlista fugl i utgreiingsområdet, og fugleartar med raudlistestatus kritisk truga (CR), sterkt truga (EN), sårbar (VU) og nær truga (NT) har området som del av sitt leveområde heile eller delar av året. Innanfor planområdet er det i Artskart registrert 206 observasjonar av raudlista fugl frå og med år 2000, og nesten 3000 observasjonar innanfor 1 km radius.

Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for delområdet

Vurdering av hovudalternativet 1.0 mot nullalternativet følger standard KU-metodikk (skildra i vedlegg 13 og 13.3). Vurdering for delområdet er vist i tabell 6-7.



Tabell 6-7: Vurdering av verdi, påverknad og konsekvens delområde NM 6

Verdivurdering: Delområde NM 6 – Økologisk funksjonsområde for raudlista fuglearter							
Registreringskategori: Økologisk funksjonsområde for artar							
Utane betydning	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi			
▲							
<p>Utgreiingsområdet er del av leveområde for hettemåke (CR), og krykkje, makrellterne, storspove og svartstrupe (EN-artar), samt mange andre raudlista fuglearter.</p> <p>Delområdet er gitt svært stor verdi, etter verditabellen i vedlegg 1, jf. tabell 13-2.</p>							
Tiltaket si påverknad							
Utbyggingsalternativ	Forbetra	Ubetydeleg endring	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert		
1.0	▲						
<p>Påvirkningen av tiltaket vurderes til ubetydeleg endring.</p> <p>Grunngiving: Tiltaket er avgrensa og vil pågå over ein avgrensa periode. For vurderinga leggast avbøtande tiltak til grunn; anleggsarbeid skal ikkje starte i hekkeperioden (mars-juli) og støyande arbeid i sjø skal ikkje føregå i hekkeperioden.</p>							
Tiltaket sin konsekvens							
Utbyggingsalternativ	Svært stor positiv +++ /++++	Noko/middels positiv + /++	Ubetydeleg 0	Noko negativ -	Middels negativ --	Stor negativ ---	Svært stor negativ ----
1.0	▲						
<p>Ubetydeleg konsekvens (0) føresett at avbøtande tiltak vert gjennomførte.</p>							

6.3 Område utan registrerte eller verdsette artar og naturtypar

Store delar av planområdet på land består av grasdyrka mark som er for gjødsla til å skulle tas ut som naturtype etter MI, hagar og nedbygd areal, og mot sjøen er det bart svaberg. Desse områda inngår i funksjonsområde for alminnelege og vidt utbreidde artar. Slike område har **noko verdi** for naturmangfold.

6.4 Trinn 2: Konsekvens av alternativ

Samanstilling av konsekvensar for alternativa er vist i tabell 6-8. Ingen område med naturmangfold med forvaltingsverdi vert omfatta av tiltaket. Påverknad frå realisering av reguleringsplan er knytt til anleggsfasen, og alternativ 1 er derfor rangert som dårlegast. Det må gjerast avbøtande tiltak i anleggsfasen for å redusere negativ påverknad på naturmangfold.



Tabell 6-8: Oppsummering av konsekvens og samla vurdering for dei ulike alternativa.

Delområde	Alt. 0	Alt. 1
NM 1	0	0
NM 2	0	0
NM 3	0	0
NM 4	0	0
NM 5	0	0
NM 6	0	0
Samla vurdering	Ingen konsekvens	Ubetydeleg endring
Grunngiving for samla konsekvensgrad		
Rangering	1	2
Grunngiving for rangering		Området vil bli negativt påverka i anleggsfasen, noko som vil påverke fugl og marine artar negativt i den perioden arbeida pågår.

7 Samanstilling av konsekvensar for vassmiljø og naturmangfald

Samanstilling av konsekvensar for alternativa er vist i tabell 6-8.

Tabell 7-1: Oppsummering av konsekvens og samla vurdering for dei ulike alternativa.

Fagområde	Alt. 0	Alt. 1
Vassmiljø	0	0
Naturmangfald	0	0
Samla vurdering	Ingen konsekvens	Ubetydeleg endring
Grunngiving for samla konsekvensgrad		Ingen delområde får arealbeslag eller varig konsekvens.
Rangering	1	2
Grunngiving for rangering		Området vil bli negativt påverka i anleggsfasen, noko som vil påverke fugl og marine artar negativt i den perioden arbeida pågår.

Fordi tiltaket vil ha noko negativ påverknad i anleggsfasen, og det er verdifullt naturmangfald på land og i sjøen, er etablering av tiltaket, alternativ 1, mest negativt for naturmangfald og vassmiljø. Dei mellombelse verknadane er skildra vidare i kapitlet.

7.1 Mellombelse verknadar

Her fylgjer ei skildring av mellombelse verknadar av planlagd tiltak. For å redusere verknadar på naturmangfald og vassmiljø bør tiltak skildra i kap. 8 gjennomførast i anleggsfase. Mange av desse tiltaka er innarbeidd i reguleringsplanen sin miljøoppfylgingsplan (45).

Støy og vibrasjonar i vatn

Støy forplantar seg lenger og raskare i vatn enn i luft, og støy er derfor ei større utfordring i sjø enn på land.



Detonasjon under vatn kan påføre direkte skade på hørsleorgan, men også symjeblære og andre indre organ er utsett hjå sjøpattedyr og fisk. Støy vil også påverke åtferda, og kunne forstyrre matsøk, kvile, reproduksjon og antipredatoråtferd hjå sjøpattedyr og fisk. Det er lite kunnskap om effekten av undervassstøy på dykkande fugl, men det kan ikkje utelukkast. Det er sannsynleg at detonasjon påverkar åtferda til dykkande fugl (46). Det finns lite/ikkje kunnskap om støy si påverknad på andre organismar i sjøen, men ein må anta at alle artsgrupper kan og vil bli påverka.

Gytande fisk, egg og yngel er særleg sårbare for støy og vibrasjonar. Frå tiltaket er det ca. 1 km til gytefelt for kysttorsk vest for Alden, og det er «fri sikt». Gytetida for norsk kysttorsk er gjerne i fleire omgangar i tida januar og ut mai. Vandringa til gytefelt startar noko før gytinga, og torsken kan vere utsett nær gytefelt også i tida før gyting. Torsken er ein porsjons-gytar, at eldre ho-fiskar fordelar egg sine på fleire gytingar over fleire stader og fleire tider. Eldre ho-fiskar på veg til gytefeltet er det ekstra viktig å ta omsyn til, sidan dei kan vere opphav til svært mange larvar.

Det er i denne fasen ikkje avgjort om peling i sjø vert utført med bora eller ramma pelar. Etablering av bora pelar vil gi mindre støy enn ved bruk av ramma pelar. (Men dei gir borekaks som må samlast opp og handterast som avfall).

Det er ikkje registrert raudlista natur i tiltaksområdet. Ei negativ påverknad av undervassstøy vurderast å vere mellombels, då ev. artar og organismar som vert påverka vil vende tilbake når anlegget er ferdig.

Partikkelspreiing i sjø

Alle arbeid i sjø kan føre til spreiiing av ev. partikulært bunde forureining knytt til sedimenta, og oppvirvling av sjøsediment kan auke utlekking av ev. forureining i sedimenta. Ev. grad av forureining i sediment må vere kjent før tiltak for å kunne planlegge tilstrekkelege tiltak for å avgrense denne spreiiinga og utlekkinga i naudsynt grad.

Ferjekaien på Værlandet ligg noko verhard til, og vassutskiftinga er stor. Små partiklar og løyst forureining vil kunne spreiiast svært langt frå tiltaksområdet.

Støy og vibrasjonar på land

Støygrenser i regelverk og krav til måling av vibrasjonar omhandlar menneske og bygningar, men støy og vibrasjonar påverkar også naturmangfald, og særleg fugl er utsett. Oppstart av støyande arbeid i hekketid kan få skye fuglearter til å forlate egg og ungar.

Andre mellombelse effektar

Vegetasjonsrensk og ev. etablering av rigg- og anleggsområde kan påverke naturmangfald negativt. Artar som lever i området kan bli fortrengt, og ev. framande artar som er på områda kan bli spreidd ved flytting av massar.

Støyp har høg pH, og avrenning under støyping kan påverke vassmiljø heilt lokalt.

Anleggsarbeid kan innebere mellombels lysforureining.

7.2 Verknadar som ikkje fylgjer av tiltaket (indirekte verknadar)

Ferjekaien det regulerast for er for mellomstort samband, som inneber opning for ei større ferje med større kapasitet enn dagens ferje på sambandet. Reguleringsplanen legg til rette 10 nye biloppstillingsplassar, og 12 p-plassar for pendlarar. Det leggst ikkje til rette for aktivitet ut over dette i planområdet, men dette kan bli ei indirekte verknad av tiltaket.


Planområdet har ikkje tilrettelagde turstiar, badeplass eller anna som tilseier at det vil bli auka aktivitet som vil påverke vassmiljø eller naturmangfald negativt.



8 Framlegg til avbøtande tiltak

Forskrift om konsekvensutgreiingar set krav til korleis førebygge skadeverknadar av eit tiltak. Jamfør § 23 skal konsekvensutgreiinga «skildre dei tiltaka som er planlagd for å unngå, avgrense, istandsette og om mogeleg kompenserasst for vesentlege skadelege verknadar for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen». Det er ein føresetnad at dei skadereduserande tiltaka som presenterast er *relevante* og *realistiske* jf. § 19. Tiltakshierarkiet (figur 8-1) skal ligge til grunn ved vurdering av skadereduserande tiltak. For prosjektet er det i hovudsak anleggsgjennomføringa som kan og vil påverke naturmangfald og vassmiljø, og det er tiltak for å avgrense påverknad som er tatt inn i reguleringsplanen.

Prosjektet er i planfase, og avbøtande tiltak er tatt inn i reguleringsføresegner. Fleire av dei avbøtande tiltaka er regulert av lover og forskrifter.



Figur 8-1 Tiltakshierarkiet. Først og fremst skal ein unngå skadeverknadar for miljø og klima. Der det ikkje er mogeleg skal skade avgrensast, deretter sette i stand areal. Kompensasjon er siste utveg (2).

8.1 Avbøtande tiltak:

- Tiltak skal utførast i høve til løyve til tiltak i sjø og dei vilkår som gis i løyvet med tanke på avbøtande tiltak, kontroll og overvaking. I dette ligg:
 - Ingen vegetasjonsrydding på land i hekkeperiode (mars-juli).
 - Ikkje anleggstart med støyande arbeid på land i hekkeperiode (mars-juli).
 - Ikkje støyande arbeid i sjø, som peling eller sprenging, i gyte- eller hekkeperiode (januar-juli).
 - Dobbel boblegardin rundt område for sprenging i sjø.
 - Sekvensiell undervass-sprenging for å avgrense skadeverknad på marine organismar.
 - Naudsynt kontroll- og overvaking i anleggsperioden.



- Kartlegging av framande artar siste vekstsesong før anleggsgjennomføring. Utarbeiding av tiltaksplan for korrekt handtering av plantedelar og infiserte massar.
- I søknad om tiltak i sjø er tiltak mot støy essensielt. Ved undervasssprenging og peling må det utførast avbøtande tiltak, og kontroll- og overvaking av undervassstøy skal inngå i søknaden.
- Maskiner og utstyr som er i kontakt med sjø skal vere reine før dei tas i bruk, og reingjerast før dei dei nyttast i kontakt med annan vassførekomst. Vask kan t.d. vere med Virkon S.
- Det må gjerast tiltak for å hindre spreiding av framande artar i sjø og på land (reingjering).
- Det må undersøkast om det er fisk i akvakulturanlegget ved Aldenøyna, då fisk er svært sårbar for lyd og undervasssprenging.
- I samband med søknad om tiltak i sjø og utarbeiding av kontroll- og overvåkingsplan må det utførast sedimentundersøking i tiltaksområdet.
- Det bør vere bevisst lyssetting i anleggsfase, som t.d. ikkje lys på rigg- og anleggsplass når det ikkje føregår arbeid.
- Det bør ikkje etablerast nye, faste lyspunkt som gir lys på sjø. Fleire artsgruppe er kjenslevare for kunstig lys når det naturleg skal vere mørkt.
- Ev. raudlista eller anna særleg omsynskrevjande fugl som etablerar seg og hekkar i anleggsområdet skal ikkje flyttast utan løyve frå Statsforvaltar. Ved risiko for at dette kan skje bør personell dagleg vere til stade på området for å forhindre situasjonen i å oppstå.
- Vurdere ny ROV-undersøking i sjø, då utført undersøking er av dårleg kvalitet.

9 Usikkerheit

9.1 Usikkerheit ved konsekvensutgreiinga

Kartlegging av og eksisterande informasjon om karplanter, mosar og lav vurderast i hovudsak å utgjere eit godt grunnlag for å vurdere raudlista artar og deira funksjonsområde for desse artsgruppene. Sopp er noko dårleg fanga opp sidan det ikkje er gjort kartlegging i soppesong. Potensielle funksjonsområde for sopp er likevel fanga opp gjennom naturtypekartlegging ved vurdering av potensiale for beitemarksopp i semi-naturlig mark.

Det er ikkje gjort eigen kartlegging av andre artsgrupper enn karplanter, mosar, lav, eller artar i sjø som normalt kan fangast opp med ROV. Nokre få fuglar vart fanga opp under naturtypekartlegging. Fordi tiltaket i all hovudsak vil påverke i anleggsfase er grunnlaget likevel vurdert som tilstrekkeleg.

Det er ikkje gjennomført prøvetaking av sediment og vasskvalitet i samband med konsekvensutgreiinga. Tiltaket vurderast å ha avgrensa effekt på vassførekomsten, miljøtilstanden vil ikkje bli endra, og det er berre mellombels påverknad i anleggsfasen.

9.2 Usikkerheit ved føreslegne avbøtande tiltak

Det knyttast usikkerheit til effekt av undervassstøy på organismar. Effekten er best kjend for sjøpattedyr og fisk, men antas å vere tilstades for alle artsgrupper som knytt til sjø.



10 Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og anna lovverk

I dette kapitlet er tiltaket vurdert etter prinsippa for offentlege avgjersler i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vurderinga er gjort samla for naturmangfald og vassmiljø. Prinsippa skal leggest til grunn ved utøving av offentleg myndigheit, jamfør naturmangfaldlova § 7.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget (inkludert usikkerheit)

Utgreiinga baserar seg på kunnskap henta frå offentlege databasar og tilgjengelege rapportar. Datagrunnlaget er supplert med naturtypekartlegging. Det er knytt noko usikkerheit til andre artsgruppe enn karplanter, som ikkje er kartlagd, men kunnskapsgrunnlaget er rekna som tilstrekkeleg til å vurdere konsekvensar av utbyggingsalternativet.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Utføring av tiltaket vil kunne ha innverknad på konsekvens, og det føreligg litt lite informasjon om anleggsgjennomføringa for denne vurderinga.

Føre-var-prinsippet er derfor nytta for delområda som omhandlar fugl, og dei er konservativt vurdert på bakgrunn av denne usikkerheita.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla påverknad

Etablering av ny ferjekai og riving av eksisterande kai gir mindre fysiske arealbeslag i marin og terrestrisk natur. Arealbeslag på land er under 1 daa i eksisterande landbruksareal med «noko verdi» for vanlege artar, og ca. 600 m² i sjø.

Tiltaket kan ikkje påverke heile vassførekomsten Aldefjorden negativt. Konsekvensane vil vere knytt til eit lokalt område rundt sjølve anleggsområdet, og effekten vil vere knytt konkret til anleggsperioden, og då særleg dei støyande arbeida. Eventuell overgong til ei mellomstor ferje kan mogelegvis påverke marine artar heilt lokalt i tilleggingsområdet, som er noko større enn sjølve kaiområdet. Det er ikkje registrert raudlista marine artar i dette området.

God anleggsgjennomføring er viktig for å redusere negativ innverknad på vassmiljø og naturmangfald. Tiltaket vil ikkje bidra til samla påverknad.

§ 11 Kostnader ved miljøforringing berast av tiltakshavar

Tiltakshavar ber kostnadar ved gjennomføring av tiltak for å minske prosjektet sin påverknad på naturmangfald, og skal for eigen kostnad planlegge og iverksette tiltak for å redusere og kompensere for miljøskade. Dette inkluderar også planlegging og gjennomføring av oppfylgjande undersøkingar og kontroll og overvaking. Nokre avbøtande tiltak er foreslått i kapittel 8, og nokre av desse er innarbeidd i reguleringsføresegnene.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar

Utbygging skal baserast på miljøforsvarlege teknikkar. Nokre av dei avbøtande tiltaka omtalt i kap. kapittel 8 er innarbeidd i reguleringsplanen, men grenseverdiar i løyve til tiltak i sjø og krav til overvaking og tiltak og oppfylling av desse er ikkje kjent.

11 Data i databasar

Systematiserte data som er samla inn i arbeidet med konsekvensutgreiinga skal gjerast tilgjengelege for offentlege myndigheiter. Dette går fram av KU-forskrifta § 24.

Naturtypar som er kartlagd etter Miljødirektoratet sin instruks i samband med denne utgreiinga vil bli tilgjengelege i Naturbase. Artar som er registrert er innrapportert til Artskart.



12 Referansar og kjelder

1. **Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet.** *Forskrift om konsekvensutredninger.* FOR-2017-06-21-854 : <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-21-854?q=forskrift%20om%20konsekvensutredninger>, 2021.
2. **Miljødirektoratet.** Veileder | M-1941 Konsekvensutredning av klima og miljø. *Miljødirektoratet.no.* [Internett] 11 04 2025. <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>.
3. **Artsdatabanken.** Norsk rødliste for naturtyper 2025 . [Internett] 11 2025. <https://lister.artsdatabanken.no/naturtyper/2025>.
4. **Miljødirektoratet.** *Kartleggingsinstruks - Kartlegging av terrestriske naturtyper etter NiN2. M-2209.* s.l. : Miljødirektoratet, 2024.
5. **Askvoll kommune.** *Detaljregulering for fv. 5662 Værlandet ferjekai - referat frå oppstartmøte 25.04.2025.* 2025.
6. **Multiconsult.** *Detaljregulering Værlandet ferjekai, planID 20250001. Planomtale.* 2026.
7. **Miljødirektoratet.** Naturtyper på land: Ny rødliste tas i bruk fra 2027. [Internett] 26 11 2025. <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/fagmeldinger/2025/november-2025/ny-rodliste-tas-i-bruk-fra-2027/>.
8. —. *e-post-dialog med Toril Grønningsæter om temaet .* 2026.
9. **Multiconsult.** *Silingsrapport Værlandet ferjekai. Dok.kode 110266219-01-TVF-RAP-001.* 2025.
10. **Vegdirektoratet og Statens vegvesen.** *Ferjekai Prosjektering. Håndbok V431.* 2017.
11. **Askvoll kommune.** Arealdelen til kommuneplanen, planID 4645_2014005. [Internett] 2015. <https://arealplaner.no/askvoll4645/arealplaner/103?planTypeId=20%2C21%2C22>.
12. **Multiconsult.** *Plankart Værlandet ferjekai. Førebels, datert 05.02.2026.* 2026.
13. —. *Landskap_skitse_utvidet_pendlerparkering. Foreløpig teknning, datert 11.02.2026 .* 2026.
14. **Miljødirektoratet.** Naturbase. *Naturbase kart.* [Internett] [https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase/..](https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase/)
15. —. NiNweb. [Internett] [Sitert: 06 oktober 2025.] <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/vertigisstudio/web/?app=371c3d37f6b84d519d2ec988e44764fa> .
16. **Artsdatabanken.** Artsdatabanken. *Grunnleggende om Natur i Norge.* [Internett] <https://artsdatabanken.no/Pages/345448/>.
17. **Direktoratet for naturforvaltning (DN).** *Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk.* s.l. : DN, 2007.
18. —. *Kartlegging av marint biologisk mangfold. DN-håndbok 19, rev. 2007.* 2001.
19. **Miljødirektoratet.** Svarteskjeret naturreservat, VV00001282. *Naturbase faktaark.* [Internett] <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001282>.
20. **Miljøverndepartementet.** Forskrift om vern av Svarteskjeret naturreservat, Askvoll kommune, Sogn og Fjordane. *Lovdata.* [Internett] 1993. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1993-05-28-487>.
21. **Miljødirektoratet.** Sørværet naturreservat, VV00001283. *Naturbase faktaark.* [Internett] <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001283>.
22. **Miljøverndepartementet.** Forskrift om fredning av Sørværet naturreservat, Askvoll kommune, Sogn og Fjordane. *Lovdata.* [Internett] 1991. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1991-12-20-953>.
23. **Miljødirektoratet.** Skardholmen naturreservat, VV00001312. *Naturbase faktaark.* [Internett] <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00001312>.
24. **Miljøverndepartementet.** Forskrift om vern av Skardholmen naturreservat, Askvoll kommune, Sogn og Fjordane. *Lovdata.* [Internett] 1993. <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1993-05-28-489?q=skardholmen>.
25. **A. Moen.** *Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjonsatlas.* 1998.
26. **Artsdatabanken.** *Definisjon av begrepene normalskog og naturskog.* [Internett] [Sitert: 15 12 2025.] <https://artsdatabanken.no/Pages/182818>.
27. **NIBIO.** Kilden. [Internett] NIBIO, u.å. <https://kilden.nibio.no/>.
28. **NGU.** Berggrunn - nasjonal berggrunnsdatabase. [Internett] https://geo.ngu.no/kart/berggrunn_mobil/.
29. —. Løsmasser - nasjonal løsmassedatabase. [Internett] https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/.
30. **Artsdatabanken.** Norsk rødliste for arter 2021. [Internett] 2021. <https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/>.
31. **Artsdatabanken .** *Fremmede arter i Norge - med økologisk risiko 2023.* s.l. : <https://www.artsdatabanken.no/lister/fremmedartslista/2023>, 2023.
32. **Artsdatabanken.** Artskart. [Internett] u.å. [Sitert: 15 01 2026.] <https://artskart.artsdatabanken.no>.
33. **Miljødirektoratet og Artsdatabanken.** Sensitive artsdata - innsyn. [Internett] Miljødirektoratet. <https://sensitive-artsdata-innsyn.miljodirektoratet.no/>.
34. **Norge i Bilder.** Norge-i-Bilder. [Internett] <https://norgebilder.no/>.
35. **Miljødirektoratet.** Vann-nett. [Internett] <https://vann-nett.no/waterbodies/map>.



36. —. Vannmiljø. [Internett] 01 2026. <https://vannmiljo.miljodirektoratet.no/#>.
37. **Fiskeridirktoratet**. Yggdrasil. [Internett] 01 2026. <https://portal.fiskeridir.no/portal/apps/webappviewer/index.html?id=9aeb8c0425c3478ea021771a22d43476>.
38. **Artsdatabanken**. Ansvarsarter – Rødlista i et europeisk perspektiv. [Internett] <https://artsdatabanken.no/Arter/Rodlista-arter/Om-rodlista/Fordypning/Ansvarsarter-Rodlista-i-et-europeisk-perspektiv>.
39. **NGU**. Geologisk arv. [Internett] [Sisert: 29 Oktober 2025.] https://geo.ngu.no/kart/geologiskarv_mobil/.
40. —. GNIST - Geosteder i Norge og Sverige. [Internett] u.å. [Sisert: 07 oktober 2025.] https://geo.ngu.no/kart/gnist_mobil/.
41. **Artsdatabanken**. Natur i Norge . *Landformer i fast fjell og løsmasser*. [Internett] [Sisert: 10 14 2025.] <https://naturinorge.artsdatabanken.no/sok?Query=&Typesystem=Landformer+i+fast+fjell+og+l%C3%B8smasser&Category=>.
42. **Havforskningsinstituttet**. Geodata i Havforskningsinstituttet. [Internett] <https://www.imr.no/geodata/geodataHI.html>.
43. **Miljødirektoratet**. 0280031600-C Aldefjorden. *Vann-Nett*. [Internett] <https://vann-nett.no/waterbodies/0280031600-C/factsheet/summary>.
44. **Klima- og miljødepartementet**. Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven, FOR-2011-05-13-512. *Lovdata*. [Internett] 2011. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-05-13-512/%C2%A73#%C2%A73>.
45. **Multiconsult**. *Miljøoppfølgingsplan. Dok. nr. 10266219-01-RIM-RAP-003*. 2026.
46. **P. H. Kvadsheim, T. N. Forland, K. d Jong, D. Nyquist, E. Grimsbø, L. D. Sivle**. *Effekter av støyforurensning på havmiljø - kunnskapsstatus og forvaltningsrådgiving. FFI-rapport 20/2015, M-1670|2020*. 2020.
47. **Direktoratsgruppen for gjennomføringen av vannforskriften**. *Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann*. s.l. : www.vannportalen.no, Februar 2018.
48. **Regjeringen.no**. *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*. [Internett] 2021. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-og-vesentlige-regionale-interesser-pa-miljoområdet--klargjoring-av-miljoforvaltningens-innsigelsespraksis/id2504971/?q=T-2/16>.
49. **NIBIO**. *SATSKOG – Alder*. <https://www.nibio.no/tema/skog/kart-over-skogressurser/satskog/alder>. [Internett] 2000. https://kilden.nibio.no/?topic=arealinformasjon&zoom=10.8&x=-21970.59&y=6814649.93&bgLayer=graatone&layers=skog_sat-skog_treslag&layers_opacity=0.75&layers_visibility=true.
50. **Norges Geologiske undersøkelse**. Nasjonal berggrunnsdatabase. [Internett] [Sisert: 23 10 2025.] <https://www.ngu.no/geologisk-kartlegging/berggrunnskartlegging>.
51. **Norges geologiske undersøkelse**. *Nye kart over landformer*. [Internett] [Sisert: 10 14 2025.] <https://www.ngu.no/nyheter/nye-kart-over-landformer>.



13 Vedlegg 1 Metodikk for konsekvensutgreiing etter M-1941 for vassmiljø og terrestrisk naturmangfald

13.1 Kartlegging av vassførekomst

Metode for å klassifisere økologisk og kjemisk tilstand er skildra i klassifiseringsrettleiaren (47). Rettleiaren viser fastsette klassegrenser for de ulike indikatorene som finnes i klassifiseringssystemet. Klassegrensene er basert på korleis kvalitetselementene reagerar på ulike påverknadar, til dømes eutrofiering, forsuring (ferskvatn) og hydromorfologiske endringar som endringar i vassføring.

Naturtypar og artar i vassførekomst er kartlagd med ROV i fem transekt, som skildra i kap. 5.2.

13.1.1 Registreringskategoriar

Vassmiljø i sjø

Kunnskap om naturmangfald i sjø som gir grunnlag for å vurdere verdi, påverknad og konsekvens er systematisert etter tre **registreringskategoriar** etter M-1941:

- Vassførekomst jf. vassforskrifta
- Naturtypar
 - Kartlagd etter DN-handbok 13
 - Kartlagd etter DN-handbok 19
- Artar med økologiske funksjonsområde

Terrestrisk natur

Kunnskap om terrestrisk naturmangfald som gir grunnlag for å vurdere verdi, påverknad og konsekvens er systematisert etter to **registreringskategoriar** etter M-1941:

- Naturtypar
 - Kartlagd etter Natur i Norge (NiN) og i høve til Miljødirektoratet sin instruks
- Artar med økologiske funksjonsområde

Framande artar

Framande artar er registrert i samband med anna kartlegging, og ei liste med oversikt er presentert i kapittel 4.6.

13.2 Verdsetting av delområde

Utgreiingsområdet er delt inn i **delområde**, basert på eksisterande og innhenta kunnskap om naturmangfald i området. Storleik og innhald for delområda er tilpassa eit detaljeringsnivå vurdert som hensiktsmessig i den einskilde sak. Ein hovudregel etter M-1941 er at delområda skal vere mest mogeleg einskaplege (ha tilnærma lik funksjon, karakter og verdi). Det er høve til å slå saman lokalitetar med liknande naturtype og verdi som heng saman geografisk til eitt delområde. Trinn 1 i konsekvensutgreiinga inneber inndeling i delområde, og vurdering av verdi, påverknad og konsekvens for kvart delområde (kap. 5).



Verdi for kvart delområde er vurdert innan dei tre registreringskategoriane med underkategoriar etter verdikriteria i M-1941 (tabell 13-1 for vassmiljø og tabell 13-2 for naturmangfald) med tilhøyrande verdiskala (tabell 13-3). Alle delområde er verdsett og framstilt i verdikart med tilsvarande fargekodar.

Tabell 13-1: Verditablell for naturmangfald i vassførekomst iht. M-1941. Naturmangfald med stor eller svært stor verdi inngår i rundskriv T-2/16 (2).

Verdikriterie	Utan betydning for KU	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Elv, innsjø, grunnvatn og kystvatn (vassførekomst jf. Vassforskrifta)				Moderat, dårleg eller svært dårleg økologisk tilstand (inkl. SMVF) og/eller dårleg kjemisk tilstand	God eller svært god økologisk tilstand og/eller god kjemisk tilstand
Naturtypar etter HB13 og HB19		C-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB13 C-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB19	Nær truga naturtypar (NT) med B- og C-verdi B-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB13 B-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB19 som ikkje er av vesentleg regional verdi (konkret vurdering naudsynt)	Sterkt (EN) og kritisk truga (CR) naturtypar med C-verdi Sårbare naturtypar (VU) med B- og C-verdi A-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB13, inkl. nær truga naturtypar (NT) A- og B-lokalitetar for naturtypar kartlagd etter DN-HB19, inkl. A-lokalitet av nær truga naturtypar (NT)	Sterkt (EN) og kritisk truga (CR) naturtypar med A- og B-verdi Sårbare naturtypar (VU) med A-verdi
Artar med økologiske funksjonsområde		Alminnelege og vidt utbreidde artar og deira funksjonsområde Anadrom fisk: Vassdrag med sporadisk førekomst av anadrom fisk (ikkje stadeigen bestand) Innlandsfisk: Små bestandar utan spesielle verdier. Naturleg lite eigna tilhøve i innsjø/elv for fisk	Nær trua (NT) artar og deira funksjonsområde Anadrom fisk: Laks/sjøaure: Vassdrag med små bestandar. Sjørøye: Mindre bestand Middels potensial for smolt-produksjon Innlandsfisk: Vassdrag med fiskebestandar av regional/lokal verdi	Sårbare (VU) artar og deira funksjonsområde Spesielt omsynsartar og deira funksjonsområde Anadrom fisk: Laks/sjøaure: vassdrag med middels store bestandar Sjørøye: Livskraftig bestand Godt potensial for smoltproduksjon Innlandsfisk: Langtvandrande bestand av harr, aure og sik Vassdrag (potensielt) høgproduktive for aure, røye eller sik Andre storaurebest. Vassdrag med stor andel storvokst aure	Freda artar og deira funksjonsområde Prioriterte artar (med ev. forskriftsfesta funksjonsområde) Sterkt truga (EN) og kritisk truga (CR) artar og deira funksjonsområde Lokalitetar med relikv laks Anadrom fisk: Nasjonale laksevassdrag Andre spesielt verdifulle laksevassdrag (t.d. storvokst laks) Sjøaure: stor bestand Sjørøye: Reint elvelevande best. Stort potensial for smoltproduksjon Innlandsfisk: Spesielt verdifulle storaurebestandar



Tabell 13-2: Verditabell for terrestrisk naturmangfald iht. M-1941. Naturmangfald med stor eller svært stor verdi inngår i rundskriv T-2/16 (2).

Verdikriterie	Utan betydning for KU	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Vern og område med bandlegging					Verdsarv ¹ . Område verna og føreslått verna etter naturmangfaldlova. Utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova § 52.
Naturtypar kartlagd etter Miljødirektoratet sin instruks		Naturtypar med sentral økosystem-funksjon med svært låg lokalitetskvalitet. Nær truga naturtypar (NT) med svært låg lokalitetskvalitet. Spesielt dårleg kartlagde naturtypar med svært låg lokalitetskvalitet.	Kritisk truga (CR) svært låg lokalitetskvalitet. Sterkt truga (EN) svært låg lokalitetskvalitet. Sårbare naturtypar (VU) svært låg lokalitetskvalitet. Naturtypar med sentral økosystem-funksjon med låg lokalitetskvalitet. Nær truga naturtypar (NT) med låg og moderat lokalitetskvalitet. Spesielt dårleg kartlagde naturtypar med låg og moderat lokalitetskvalitet.	Kritisk truga (CR) låg lokalitetskvalitet. Sterkt truga (EN) låg eller moderat lokalitetskvalitet. Sårbare naturtypar (VU) låg, moderat eller høg lokalitetskvalitet. Naturtypar med sentral økosystem-funksjon moderat og høg lokalitetskvalitet. Nær truga naturtypar (NT) med høg og svært høg lokalitetskvalitet. Spesielt dårleg kartlagde naturtypar høg og svært høg lokalitetskvalitet.	Kritisk truga (CR) moderat til svært høg lokalitetskvalitet. Sterkt truga (EN) høg- eller svært høg lokalitetskvalitet. Sårbare naturtypar (VU) med svært høg lokalitetskvalitet. Naturtypar med sentral økosystem-funksjon og svært høg lokalitetskvalitet.
Naturtypar etter HB13 og HB19		C-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB13 C-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB19.	Nær truga naturtypar (NT) med B- og C-kvalitet. B-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB13. B-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB19 som ikkje er av vesentleg regional verdi (konkret vurdering naudsynt).	Sterkt (EN) og kritisk truga (CR) naturtypar med C-kvalitet. Sårbare naturtypar (VU) med B- og C-kvalitet. A-lokalitetar av naturtypar kartlagd etter DN-HB13, inkl. nær truga naturtypar (NT). A og B-lokalitetar for naturtypar kartlagd etter DN-HB19, inkludert A-lokalitet av nær truga naturtypar (NT).	Sterkt (EN) og kritisk truga (CR) naturtypar med A- og B-kvalitet. Sårbare naturtypar (VU) med A-kvalitet.
Arter med økologiske funksjonsområde		Alminnelege og vidt utbreidde artar og deira funksjonsområde. Anadrom fisk: Vassdrag med sporadisk førekomst av anadrom fisk (ikkje	Nær truga (NT) artar og deira funksjonsområde. Fastsette bygdenære område som grenser til viktige funksjonsområde for villrein. Anadrom fisk: Laks/sjøaure:	Sårbare (VU) artar og deira funksjonsområde. Spesielt omsynskrevjande artar og deira funksjonsområde. Fastsette randområde til dei nasjonale villreinområda.	Freda artar og deira funksjonsområde. Prioriterte artar (med ev. forskriftsfestet funksjonsområde). Sterkt truga (EN) og kritisk truga (CR) artar og deira funksjonsområde.

¹ I en konsekvensutredning for naturmangfald er det kun naturmangfaldverdiene innenfor verdensarvområdet som skal utredes. Se på innskrivingsteksten til det aktuelle verdensarvområdet for mer informasjon om hvilke verdier det er lagt vekt på ved tildeling av verdensarvstatusen.



Verdikriterie	Utan betydning for KU	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
		<p>stadeigen bestand).</p> <p>Innlandsfisk: Små bestandar utan spesielle verdiar.</p> <p>Naturleg lite eigna forhold i innsjø/elv for fisk.</p>	<p>Vassdrag med små bestandar.</p> <p>Sjørøye: Mindre bestand.</p> <p>Middels potensial for smoltproduksjon.</p> <p>Innlandsfisk: Vassdrag med fiskebestandar av regional/lokal verdi.</p>	<p>Viktige funksjonsområde for villrein i dei 14 øvrige villreinområda (ikkje nasjonale)</p> <p>Anadrom fisk: Laks/sjøauret: vassdrag med middels store bestandar.</p> <p>Sjørøye: Livskraftig bestand. Godt potensial for smoltproduksjon.</p> <p>Innlandsfisk: Langtvandrande bestand av harr, aure og sik.</p> <p>Vassdrag (potensielt) høgproduktive for aure, røye eller sik.</p> <p>Andre storaurebestandar.</p> <p>Vassdrag med stor andel storvokst aure.</p>	<p>Nasjonale villreinområde.</p> <p>Lokalitetar med relikte laks</p> <p>Anadrom fisk: Nasjonale laksevassdrag.</p> <p>Andre spesielt verdifulle laksevassdrag (t.d. storvokst laks).</p> <p>Sjøaure: stor bestand</p> <p>Sjørøye: Reint elvelevande bestand. Stort potensial for smoltproduksjon.</p> <p>Innlandsfisk: Spesielt verdifulle storaurebestandar.</p>
Landskaps-økologiske samanhengar		Naturområde og naturstrukturar som bind saman funksjonsområde for vanleg førekomande artar.	<p>Lokalt viktige vilt- og fugletrekk.</p> <p>Delvis intakte naturområde og naturstrukturar som er trekk-, vandrings- og forflyttingskorridorar for:</p> <p>a) eit høgt antal artar eller</p> <p>b) for definerte grupper av artar (t.d.: amfibiar, pollinatorar).</p> <p>Naturområde og naturstrukturar som bidreg til å binde saman nøkkelområde for økologiske prosessar i økosystema.</p>	<p>Regionalt/nasjonalt viktige område for vilt- og fugletrekk</p> <p>Intakte samanhengar mellom eller i tilknytning til større naturområde som har ein viktig funksjon som forflyttings- og spreingskorridor for artar.</p> <p>Område som bidreg til samanbinding av verneområde eller dokumenterte funksjonsområde for artar med stor eller svært stor verdi.</p> <p>Lengre elvestrekk med langtvandrande fiskebestandar.</p>	Særleg store og nasjonalt/internasjonalt viktige trekkruiter.
Geotopar (landformer)	Landformer med diffus utforming/ sterkt redusert tilstand	Nær truga landformer med tydeleg til middels tydeleg utforming og god til noko redusert tilstand. Sårbare objekt med middels tydeleg utforming og noko redusert tilstand.	Nær truga landformer med meget tydeleg utforming og meget god tilstand. Sårbare landformer med tydeleg utforming og god tilstand, truga landformer med middels tydeleg utforming og noko redusert tilstand.	Sårbare landformer med meget tydeleg utforming og meget god tilstand, truga objekt med tydeleg utforming og god tilstand.	Truga og kritisk truga objekt og/ eller forvaltings-prioriterte, meget tydeleg utforming/ store system, meget god tilstand.
Geologisk arv/ geostadar		Geostad som anten har redusert kvalitet eller låg representativitet, men kan likevel	Geostad som anten har redusert kvalitet eller låg representativitet, men kan likevel vere	Godt bevart, vitenskapelig kjent geostad som gir/har gitt bidrag til å auke forståinga av geologiske prosessar og	Meget godt bevart, vitenskapelig velkjent geostad som gir/har gitt betydelege bidrag til geologi som vitkap eller



Verdikriterie	Utan betydning for KU	Noko verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
		vere av betydning for lokal geologisk forståing. Lite tydeleg og svakt forklarande geostad, men som likevel er relevant for kjennskap til lokal geologi.	av betydning for lokal geologisk forståing. Lite tydeleg og svakt forklarande geostad, men som likevel er relevant for kjennskap til lokal geologi.	samanhengar, representativt for Norge sin geologiske oppbygging. Tydeleg og lesbar geostad som bidreg til å auke forståinga av ein geologisk prosess eller Norge sin geologiske oppbygging, og er relevant for læringsmål eller pensum.	global geologisk forståing, og er representativ for betydingsfulle og fundamentale prosessar og samanhengar. Svært tydeleg og lesbar geostad som bidreg til god forståing av ein global geologisk prosess eller samanheng, og er svært relevant for læringsmål eller pensum.

Tabell 13-3: Verdiskala med forklaring på verdisettinga i verditabellen iht. M-1941 (2).

Verdiskala	Forklaring vassmiljø
Svært stor verdi	Svært stor verdi er i hovudsaknytta for artar og naturtypar verna etter norsk lov, eller som har nasjonale eller internasjonale betydning. Alle vassførekomstar har i høve til vassforskrifta stor eller svært stor verdi. Vassmiljø med svært stor verdi inngår i rundskriv T-2/16 om miljøforvaltinga si praksis for motsegn.
Stor verdi	Stor verdi er nytta for artar og naturtypar som har nasjonal eller vesentleg regional interesse. Alle vassførekomstar har i høve til vassforskrifta stor eller svært stor verdi. Vassmiljø med svært stor verdi inngår i rundskriv T-2/16 om miljøforvaltinga si praksis for motsegn.
Middels verdi	Middels verdi er nytta for naturmangfald som har regional interesse. Dette er natur som er viktig for naturmangfaldet i eit fylke eller en region.
Noko verdi	Noko verdi er nytta for område der det ikkje er påvist spesielle naturverdiar, men som likevel ikkje er utan betydning for naturmangfaldet. Dette er «kvardagsnatur» med ein representativ flora/fauna for regionen, areal utan viktige naturtypar og med funksjon for artar utan spesiell forvaltingsinteresse. Urbane naturområde, som plen, hekk og parkar utan spesielle naturverdiar inngår også i denne kategorien
Utan betydning for KU	Utan betydning for KU er nytta for område som har svært liten eller inga betydning for artar og naturtypar. Det kan gjelde nedbygde område, fulldyrka mark, tett plantasjeskog og areal med dominans av framande artar.

Alle vassførekomstar skal i høve til kriteria settast til stor eller svært stor verdi.

Vassforskrifta seier at tilstanden i overflatevatn skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenoppsettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand.

Vassførekomst som i dag har svært god økologisk og/eller kjemisk tilstand skal ha svært stor verdi. Dette er vassførekomstar som anten er urørte og ligg i urørt eller intakt natur, eller der det har vore gjort arbeid for å forbetre og gjenopprette tilstanden. Desse vassførekomstane har spesielt god kvalitet og svært stor verdi.

Verneområde er ikkje eigen kategori for naturmangfald i vatn. Desse vil alltid ha svært stor verdi, jf. metode for utgreiing av naturmangfald og verditabellen der. I denne KU er verneområde som også omfattar sjø vurdert under terrestrisk naturmangfald.

13.2.1 Vurdering av påverknad for delområde

Påverknad for kvart delområde er vurdert innan dei fem registreringskategoriane, og er gradert etter ein femdelt skala frå *forbetra* til *sterkt redusert* (tabell 13-4 for vassmiljø og tabell 13-5 for terrestrisk naturmangfald):



- Påverknad etter M-1941 omfattar:
- Påverknad på artar og naturtypar
- Fysiske inngrep eller endring i vassføring
- Arealbeslag
- Fragmentering av leveområde og samanhengar
- Forureining/miljøgifter
- Auka aktivitet
- Kanteffektar
- Påverknad på geologisk mangfald
- Framande organismar
- Klimaendringar

Tabell 13-4: Påverknadstabell for vassmiljø og naturmangfald i vatn iht. M-1941. Tabellen viser kriteria for å vurdere påverknad på dei fem registreringskategoriane. For kvar grad av påverknad er det tilstrekkeleg at eit kulepunkt er oppfylt (2).

Registrerings-kategori	Forbetra	Ubetydeleg	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert
Elver, innsjøar, grunnvatn og kystvatn (Vassføre-komstar jf. Vassforskrifta)	Eit av kvalitets-elementa i vassføre-komstane forbetrast frå ein tilstandsklasse til ein høgare tilstandsklasse.	Inga eller uvesentleg verknad.	Endring av tilstand av eit eller fleire kvalitetselement innanfor ein tilstandsklasse.	Eit av kvalitetselementa i vassførekomstane reduserast frå en tilstandsklasse til en lavere tilstandsklasse.	Fleire av kvalitets-elementa i vassførekomstane reduserast frå ein tilstandsklasse til ein lågare tilstandsklasse.
Naturtypar	Betrar tilstanden ved at eksisterande inngrep tilbake-førast til opphøveleg natur.	Inga eller uvesentleg påverknad.	Direkte arealinngrep på mindre enn 20 % av ein mindre viktig del av lokaliteten. Lita forringing av restareal. Svekkar naturtypen si utbreiing/ tilstand lokalt/regionalt, ev. bidreg i nokon grad til å svekke mogelegheita for å nå naturmangfald-lova sitt forvaltingsmål for naturtypar.	Direkte arealinngrep i 20-50 % av ein mindre viktig del av lokaliteten. Noko reduksjon (som aktivitet, forureining og kanteffekt) av restareal. Svekkar naturtypen sin utbreiing/ tilstand regionalt/ nasjonalt, ev. kan svekke mogelegheita til å nå forvaltingsmål for naturtypen.	Direkte arealinngrep i den viktigaste delen av lokaliteten. Direkte arealinngrep i meir enn 50 % av lokaliteten. Direkte arealinngrep i 20-50 % av ein mindre viktig del av lokaliteten, men restareal mister sine økologiske kvalitetar og/eller funksjonar. Svekkar naturtypen si utbreiing/ tilstand nasjonalt/ internasjonalt, ev. svekkar med sikkerheit mogelegheita til å nå forvaltningsmåla for naturtypen.
Artar med funksjons-område	Gjenoppretter eller skaper nye vandrings-mogelegheiter mellom leveområde/ biotopar.	Inga eller uvesentleg verknad.	Splittar samanheng/ reduserar funksjonar, men vesentlege funksjonar vert i stor grad oppretthalde. Mindre alvorleg svekking av	Splittar opp og/eller reduserar areal slik at funksjonar reduserast. Svekkar vandrings-mogelegheit, ev. blokkerar vandrings-mogelegheit der alternativ finns.	Splittar opp og/eller reduserar areal slik at funksjonar vert bryte. Blokkerar vandring der det ikkje er alternativ. Svekkar art sin bestand nasjonalt/ internasjonalt, ev. svekke mogelegheit for



Registrerings-kategori	Forbetra	Ubetydeleg	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert
	Viktige biologiske funksjonar styrkast		vandrings-mogelegheit og fleire alternative trekk finns. Svekkar art sin bestand lokalt/ regionalt, ev. bidreg i nokon grad til å svekke mogelegheita for å nå naturmangfald-lova sitt forvaltingsmål for artar.	Svekker artens bestand regionalt/ nasjonalt, ev. kan svekke mogelegheita for å nå naturmangfaldlova sitt forvaltingsmål for artar.	å nå naturmangfaldlova sitt forvaltingsmål for artar.

Tabell 13-5: Påverknadstabell for terrestrisk naturmangfald iht. M-1941. Tabellen viser kriteria for å vurdere påverknad på dei fem registreringskategoriane. For kvar grad av påverknad er det tilstrekkeleg at eit kulepunkt er oppfylt (2).

Registrerings-kategori	Forbetre	Ubetydeleg	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert
Vern og område med bandlegging	Betrar tilstanden ved at området vert restaurert mot ein opphavelig naturtilstand.	Ingen eller uvesentleg verknad.	Noko påverknad (som aktivitet, forureining og kanteffektar). Ikkje direkte arealinngrep.	Mindre påverknad (som aktivitet, forureining og kanteffektar) som rører ein liten del. Ikkje er i strid med verneforemålet.	Direkte inngrep i verneområde. I strid med verneforemålet.
Naturtypar	Betrar tilstanden ved at eksisterande inngrep tilbakeførast til opphavelig natur.	Ingen eller uvesentleg verknad.	Direkte arealinngrep på mindre enn 20 % av ein mindre viktig del av lokaliteten. Liten forringing av restareal. Svekkar naturtypen si utbreiing/ tilstand lokalt/ regionalt, ev. bidreg i nokon grad til å svekke mogelegheita for å nå naturmangfald-lova sitt forvaltningsmål for naturtypar.	Direkte arealinngrep i 20–50 % av en mindre viktig del av lokaliteten. Noe forringelse (som aktivitet, forurensning og kanteffekter) av restareal. Svekker naturtypens utbredelse/ tilstand regionalt/ nasjonalt, ev. kan svekke muligheten til å nå forvaltningsmål for naturtypen.	Direkte arealinngrep i den viktigaste delen av lokaliteten. Direkte arealinngrep i meir enn 50 % av lokaliteten. Direkte arealinngrep i 20–50 % av ein mindre viktig del av lokaliteten, men restareal mister sine økologiske kvalitetar og/eller funksjonar. Svekkar naturtypen si utbreiing/tilstand nasjonalt/ internasjonalt, ev. svekkar med sikkerheit mogelegheita til å nå forvaltingsmålet for naturtypen.
Artar med økologiske funksjons-område	Gjenopprettar eller skapar nye trekk/vandrings-mogelegheiter mellom leveområde/ biotopar (også vassdrag). Viktige biologiske funksjonar vert styrka.	Ingen eller uvesentleg verknad.	Splittar samanhengar/reduserar funksjonar, men vesentlege funksjonar vert oppretthalde i stor grad. Mindre alvorleg svekking av trekk/ vandringsmogelegheit og fleire alternative trekk finns.	Splittar opp og/eller reduserar areal slik at funksjonar vert redusert. Svekkar trekk/ vandringsmogelegheit, ev. blokkerar trekk/vandrings-mogelegheit der alternativ finns.	Splittar opp og/eller reduserar areal slik at funksjonar vert bryte. Blokkerar trekk/ vandring der det ikkje er alternativ. Svekkar arten sin bestand nasjonalt/ internasjonalt, ev. svekke mogelegheit for å nå naturmangfaldlova



Registrerings-kategori	Forbetre	Ubetydeleg	Noko redusert	Redusert	Sterkt redusert
			Svekkar arten sin bestand lokalt/regionalt, ev. bidrar i nokon grad til å svekke mogelegheita for å nå naturmangfald-lova sitt forvaltingsmål for artar.	Svekkar arten sin bestand regionalt/nasjonalt, ev. kan svekke mogelegheita for å nå naturmangfaldlova sitt forvaltingsmål for artar.	sitt forvaltingsmål for artar.
Landskaps-økologiske samanhengar	Gjenopprettar eller skapar nye trekk/vandringsmogelegheiter mellom leveområde/biotopar (også vassdrag). Viktige biologiske funksjonar styrkast.	Ingen eller uvesentleg verknad.	Splitter opp samanhengar/ reduserar funksjonar, men vesentlege funksjonar vert oppretthalde i stor grad. Mindre alvorleg svekking av trekk/vandringsmogelegheiter og fleire alternative trekk finns.	Splittar opp og/eller reduserar areal slik at funksjonar reduserast. Svekkar trekk/vandringsmogelegheit, ev. blokkerar trekk/vandringsmogelegheiter der alternativ finns.	Splittar opp og/eller reduserar areal slik at funksjonar vert bryte. Blokkerar trekk/ vanding der det ikkje er alternativ.
Geotopar (land-former)	Kan avdekke nye geostadar. Viktige geologiske funksjonar kan styrkast.	Ingen eller uvesentleg verknad på kort eller lang sikt.	Omfattar ein mindre viktig del som samtidig utgjer mindre enn 20 % av lokaliteten. Liten forringing av restareal.	Omfattar 20–50 % av lokaliteten, men lite forringing av restareal. Ikkje forringing av viktigste del av lokalitet.	Omfattar heile eller størstedelen (over 50 %). Omfattar mindre enn 50 % av areal, men den viktigaste (mest verdifulle) delen vert øydelagd. Restareal mister sine geologiske kvalitetar og/eller funksjonar)
Geologisk arv/geostad	Tiltaket betrar tilstanden ved at eksisterande inngrep tilbakeførast og tydeleggjer landskapet sin geologiske karakter, dets geologiske funksjon og innrykksstyrke.	Tiltaket gir ikkje vesentleg påverknad i landskapet sin geologiske karakter, dets geologiske funksjon og innrykksstyrke.	Tiltaket fører til noko skjemmaende påverknad i landskapet sin geologiske karakter, dets geologiske funksjon og innrykksstyrke.	Tiltaket fører til merkbar endring i landskapet sin geologiske karakter, og/eller fører til inngrep som påverkar landskapet sin geologiske funksjon og innrykksstyrke.	Tiltaket fører til ein stor endring i landskapet sin geologiske karakter, og/eller fører til store inngrep som reduserar landskapet sin geologiske funksjon og innrykksstyrke.

Reduksjon av økologisk eller kjemisk tilstand i vassførekomst


Med reduksjon av økologisk og kjemisk tilstand meinast at eit av kvalitetselementa i vassførekomstane reduserast frå ein tilstandsklasse til ein lågare tilstandsklasse. For kvar vassførekomst vurderinga det korleis påverknadsfaktorane som er lista opp over (arealinngrep, hydromorfologiske endringar, forureining, miljøgifter og framande organismar) påverkar dei aktuelle kvalitetselementa. Dette er oppsummert i ein tabell for kvar vassførekomst.

13.3 Vurdering av konsekvensgrad

Vurdering av konsekvensgrad er lik for vassmiljø og terrestrisk naturmangfald. Konsekvensgrad for delområda kjem fram ved å samanstill verddivurderinga med vurderinga av tiltaket sin påverknad i ei konsekvensvifte (figur 13-1). Konsekvensen for kvart delområde er gradert frå *stor/svært stor positiv*



konsekvens (3/4+) til svært stor negativ konsekvens (4-) (tabell 13-6). Konsekvensgrad for delområda tas med videre i vurdering av konsekvens av alternativa.



Figur 13-1: Konsekvensvifta iht. M-1941 (2).

Tabell 13-6: Skala og rettleiing for konsekvenssetting i delområde iht. M-1941 (2).

Skala	Forklaring
Svært stor negativ konsekvens (---)	Den mest alvorlege grad av konsekvens som kan oppnås for delområde. Brukast kun for delområde med stor eller svært stor verdi.
Stor negativ konsekvens (--)	Stor negativ konsekvens for delområdet iht. konsekvensvifta.
Middels negativ konsekvens (-)	Middels negativ konsekvens for delområdet iht. konsekvensvifta.
Noko negativ konsekvens (0)	Noko negativ konsekvens for delområdet iht. konsekvensvifta.
Ubetydeleg konsekvens (0)	Inga eller ubetydeleg konsekvens for delområdet iht. konsekvensvifta.
Noko/middels positiv konsekvens (+/++)	Noko/middels positiv konsekvensgrad for delområdet iht. konsekvensvifta
Stor/svært stor positiv konsekvens (+++/>++++)	Stor/svært stor positiv konsekvens for delområdet iht. konsekvensvifta. Brukast i hovudsak der områder med ubetydeleg eller noko verdi får ei svært stor auke i verdi som fylgje av tiltaket.



Vurdering av konsekvens for alternativa

Vurdering av **konsekvens av alternativ** og **rangering av alternativ** utgjer trinn 2 av konsekvensutgreiinga (kap.5.3). Samla konsekvens av kvart alternativ er bestemt gjennom ei samanstilling av konsekvensgrad for delområda, og ei vurdering av **samla belasting**. Samla belasting er vurdert som summen av konsekvens frå alle delområda inkludert verknadar frå andre påverknadsfaktorar innanfor utgreiingsområdet. Ved vurdering av samla belasting iht. M-1941 og T-1554 inngår:

- Det konkrete tiltaket/inngrepet
- Andre tilsvarande tiltak/inngrep
- Andre typar tiltak/inngrep
- Andre påverknadsfaktorar

Konsekvensen av kvart alternativ er gradert frå *stor positiv konsekvens* til *kritisk negativ konsekvens* etter kriteria i M-1941 (tabell 13-7). Konsekvensgrad *stor*, *svært stor* eller *kritisk negativ* betyr at planen/tiltaket kan vere i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale interesser for klima- og miljø, og kan vere grunnlag for motsegn (2; 48).

Etter ei samla vurdering av alternativa, er alternativa rangert frå best (1) til verst med omsyn til kva som gir minst negative konsekvensar, ev. størst positive konsekvensar på naturmangfaldet. Det er høve til å rangere fleire alternativ likt, dersom dei er gitt lik konsekvens. Samla vurdering og rangering av alternativ er grunnleggjande.

Tabell 13-7: Kriterie for å vurdere samla vurdering for vassmiljø og naturmangfald (2).

Konsekvens	Kriterie for samla vurdering
Kritisk negativ konsekvens	Planen/tiltaket fører til reduksjon eller øydelegging av nasjonalt eller internasjonalt viktige verdiar innanfor utgreiingsområdet . Brukast kun for område med registreringskategoriar som er gitt stor eller svært stor verdi, eller der det er svært stor samla belasting . <ul style="list-style-type: none"> • Reduksjon av eit eller fleire kvalitetselement. • Fleire delområde med konsekvensgrad svært stor negativ konsekvens (4-). • Svært stor samla belasting.
Svært stor negativ konsekvens	Planen/tiltaket fører til reduksjon eller øydelegging av nasjonalt viktige verdiar . Brukast kun for område med registreringskategoriar som er gitt stor eller svært stor verdi, eller der det er stor samla belasting. <ul style="list-style-type: none"> • Reduksjon av eit eller fleire kvalitetselement.. • Overvekt av delområde med stor negativ konsekvens (3-). • Eit eller fleire delområde med svært stor negativ konsekvens (4-). • Stor samla belasting.
Stor negativ konsekvens	Planen/tiltaket fører til stor negativ konsekvens for vassmiljøet innanfor utgreiingsområdet. <ul style="list-style-type: none"> • Reduksjon av eit eller fleire kvalitetselement. • Overvekt av delområde med middels negativ konsekvens (2-). • Fleire delområde med stor negativ konsekvens (3-). • Eit delområde kan ha svært stor negativ konsekvens (4-) • Bidreg til auka samla belasting.



Konsekvens	Kriterie for samla vurdering
Middels negativ konsekvens	<p>Planen/tiltaket fører til middels negativ konsekvens for vassmiljøet innanfor utgreiingsområdet.</p> <ul style="list-style-type: none"> Overvekt av delområde med noko negativ konsekvens (1-). Fleire delområde med middels negativ konsekvens (2-). Eit par delområde kan ha stor negativ konsekvens (3-). Inga delområde med svært stor negativ konsekvens (4-).
Noko negativ konsekvens	<p>Planen/tiltaket fører til noko negativ konsekvens for vassmiljøet innanfor utgreiingsområdet. Lite konflikt med vassmiljø innanfor utgreiingsområdet.</p> <ul style="list-style-type: none"> Overvekt av delområde med noko negativ (1-) eller ubetydeleg (0) konsekvens. Eit par delområde kan ha middels negativ konsekvens (2-). Inga delområde med svært stor (4-) eller stor (3-) negativ konsekvens.
Ubetydeleg konsekvens	<p>Planen/tiltaket vil ikkje føre til vesentlege endringar for vassmiljøet i utgreiingsområdet.</p> <ul style="list-style-type: none"> Overvekt av delområde med ubetydeleg konsekvens (0). Eit delområde kan ha noko negativ konsekvens (1-). Inga delområde med svært stor (4-), stor (3-) eller middels (2-) konsekvensgrad.
Positiv konsekvens	<p>Nyttast der delområde som er gitt ubetydeleg eller noko verdi og som får noko eller middels verdiauke som fylgje av tiltaket. Planen/tiltaket er ei forbetring for vassmiljøet.</p> <ul style="list-style-type: none"> Overvekt av delområde med noko (1+) eller middels (2+) positiv konsekvens. Inga område med svært stor (4-), stor (3-) eller middels (2-) negativ konsekvens Delområde med noko negativ konsekvens (1-) vert klart oppvega av områda med noko (1+) eller middels (2+) positiv konsekvens.
Stor positiv konsekvens	<p>Nyttast der delområde gitt ubetydeleg eller noko verdi får ei svært stor verdiauke som fylgje av tiltaket. Planen/tiltaket er ei stor forbetring for vassmiljøet.</p> <ul style="list-style-type: none"> Overvekt av delområde med stor (3+) eller svært stor (4+) positiv konsekvens. Inga område med svært stor (4-), stor (3-) eller middels (2-) negativ konsekvens. Delområde med noko negativ konsekvens (1-) vert klart oppvega av områda av områda med stor (3+) eller svært stor (4+) positiv konsekvens.

14 Vedlegg 2 Kartlagde naturtypar

Tabell 14-1 syner kartlagde naturtypar i planområdet.

Tabell 14-1: Naturtypar registrert innanfor utgreiingsområdet. Alle lokalitetane vart registrert 25. juni 2025. Verdi er gitt iht. ny raudliste for naturtypar (3).

Naturtype	Areal (m ²)	Skildring	Verdi	Natur-base ID	Del-omr.
D2.2 Naturbeite-mark	2680	Lokaliteten vert beita av sau, og er i god tilstand fordi området er i bruk og har semi-naturlege engartar som dei habitatspesifikke finnskjegg, smalkjempe og skogsvene, samt andre som raudsvingel, blåtopp, gulaks, englodnegras, smyle, sølvbunke, knapp- og lyssiv, duskull, stjernestarr, engfrytle, hanekam, jordnøtt, tepperot, kystgriseøyre, kystmaure, skogsveve, bleikmarihand, skogstjerne, røsslyng, einer, blåbær, blokkebær og tyttebær. Lokaliteten grensar mot ei stor DN13-registrert kystlynghei.	Svært stor	NINFP25 1019196 3	NM1
D2.1 Slåttemark	3645	Lokaliteten er i svakt ekstensiv bruk med slått og beite, og lett gjødslingspreg trekk ned tilstandskvaliteten til låg kvalitet. To habitatspesifikke artar funne; smalkjempe og dunkjempe. Det er noko nitrofile artar som engsoleie, ryllik og engsyre, andre artar er engrapp, sølvbunke, gulaks, krattlodnegras, englodnegras, raudsvingel, kornstarr, bråtestarr, lys- og knappsiv, tepperot,	Stor	NINFP25 1019198 2	NM2



		raudkløver, slåttestarr, engfrytle, harestarr, engkransmose, jordnøtt, harestarr og hanekam.			
D4 Kystlynghei	1315	Lokaliteten vert beita av sau, og er i god tilstand med mykje lyng i pionerfasen. Lokaliteten har mange semi-naturlege artar som tirltunge, finnskjegg, geitsvingel, raudsvingel, gulaks, sølvbunke, englodnegras, røsslyng, engsyre, smalkjempe, harestarr, slåttestarr, engfrytle, harerug, hanekam, kornstarr, heistarr, rome, raudkløver, sveve, dunkjempe, jordnøtt. Andre artar registrert; einer, kystbergknapp, kystmyrklegg, blokkebær, heiblåfjær, kystgriseøre, svarttopp, bleikmarihand, lyssiv, strandnellik, rogn, kystmaure, bleikveronika, øyrevier, blåtopp, heivier, I lokaliteten veks dei raudlista artane kystblåstjerne (EN), purpurlyng (NT) og heistarr (NT). Lokaliteten grensar mot DN13-lokalitet registrert som naturbeitemark, og er moglegevis mosaikk av kystlynghei og naturbeitemark.	Svært stor	NINFP25 1019189 2	NM3
D2.1 Slåttemark	1483	Lokalitet i moderat tilstand, men framstår som intakt. Svak effekt av framandartar (spriksmispel og sitkagran) og få habitatspesifikke artar (dun- og smalkjempe), samt lite areal trekk ned tilstanden. Lokaliteten har artar som hanekam, slåttestarr, harestarr, tepperot, blåtopp, gulaks, geitsvingel, skogstjerne, knapp- og lyssiv, kystgriseøre, stjernestarr, eng- og krattlodnegras, sølvbunke og raud jonsokblom.	Stor	NINFP25 1019193 1	NM4
D4 Kystlynghei	1153	Lokaliteten er nedjustert til dårleg i tilstand grunna brakkleggingsfase og mangel på beitespor. Det er ein del oppslag av bjørk, furu, einer, gråor og rogn , og middels effekt av framandartane sitkagran og sprikemispel. Andre artar er røsslyng, blåbær, krekling, blåtopp, smyle, gulaks, blokkebær, kratt- og englodnegras, tepperot, vivendel, raud jonsokblom, bleikveronika, kystmaure, skogstjerne, kystgriseøre, harestarr, knivstarr, hanekam, smalkjempe og dunkjempe. I lokaliteten veks den raudlista arten purpurlyng (NT).	Stor	NINFP25 1019192 0	NM5